

Arbeidsrapport nr. 169

Odd Ragnar Hunnes (red.)

Studietur til Kenya 2004

Lærarane rapporterer



HØGSKULEN I VOLDA



2004

Redaktør	Odd Ragnar Hunnes
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISBN	82-7661-222-9
ISSN	0805-6609
Sats	Bente Lien
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

Arbeidsrapportserien er for faglege og vitskaplege arbeid som ikkje fullt ut stettar krava til forskingsrapportar. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller læremateriell knytt til undervisningsføremål.

Arbeidsrapportane skal vere godkjende av anten dekanus, gruppeleiar, prosjektleiar (for IAAI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika og forskingskoordinator ved HVO. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

Forord

I februar 2004 var me på studiereise til Kenya. Det var fire studentar og ein lærar frå årsstudiet i kristendomskunnskap, ein lærar og seks studentar frå musikk andre årseining, to lærarar og sju studentar frå årsstudiet i skuleretta samfunnsfag.

Det er laga to samlerapportar frå studieturen, den eine i hovudsak laga av lærarane og den andre i hovudsak laga av studentane. I denne rapporten legg lærarane fram sin dokumentasjon.

Odd Ragnar Hunnes (samfunnsfag), som var leiar for studieturen, gjer i artikkelen *Bok er bra – studietur best* greie for det faglege grunnlaget for studietur som arbeidsform generelt og då med særleg referanse til den studieturen som vart gjennomført i februar 2004. Artikkelen presenterer vidare hovudtrekka i programmet for studieturen og går tettare inn på utvalde tema som vart særleg aktualiserte under turen.

Vitjingar av ulike skular var ein viktig del av programmet for turen. I artikkelen *Skulevitjingar – ein ressurs for framtidig læringsarbeid* presenterer Hunnes ein del erfaringar både når det gjeld praktisk gjennomføring og det faglege innhaldet i desse skulevitjingane. I tillegg til denne artikkelen er skulevitjingane dokumenterte gjennom ein videofilm som er laga av Bjørn Gunnar Tafjord (samfunnsfag): *Skule og utdanning i Kenya – glimt frå nokre skulebesøk februar 2004*. Filmen er lagra på DVD og er ein integrert del av denne rapporten.

Bård Dahle (musikk) har skrive artikkelen *Studietur til Kenya – musikalske forventninger og erfaringer*. I tillegg har han laga ein DVD der han dokumenterer studieturen gjennom ein kombinasjon av lysbilete, musikk og eit utval av kommentarar som studentar har lese inn. DVD-plata *KENYA Studietur HVO 2004 Lysbildeserie* er såleis også ein integrert del av denne rapporten.

A school in the heart of Africa, with Africa in its heart har Ralph Meier (kristendom) kalla sin artikkel der han gjev eit innblikk i Nairobi Evangelical Graduate School of Theology (NEGST). NEGST er eit teologisk utdanningssenter for prestar og kyrkjelydsleiarar i Afrika og står fram som eit imponerande kompleks med flott uteområde, godt vedlikehaldne

bygningar og vennlege og imøtekomande tilsette. Det viktigaste er kanskje likevel den strategiske rolla som dette senteret tek mål av seg å spele for evangelisk kyrkje- og kristenliv i Afrika.

Studentane sin dokumentasjon frå studieturen vert lagt fram i rapporten *Norske studentar i møte med det kenyanske samfunnet – rapportar frå ein studietur til Kenya februar 2004*.

Følgjande dokumentasjonar inngår i den rapporten:

- Audhild Petrin Haddal Holsvik (red.): *Høgskulen i Volda: Studietur til Kenya februar 2004 Sammendrag fra hjemmesiden www.shoeshinetissue.com/kenya*
- Odd Ragnar Hunnes (red.): *Referat frå foredrag*
- Frank Robert Kristiansen, Vidar Myklebust, Øyvind Myklebust, Roy Egil Solevåg: *Økonomi og levekår for elever ved utvalgte skoler i Kenya*
- Gøril Ødegård, Trude Elin Sande og Torill Saure: *Kva kan vere grunnar til at HIV og AIDS spreier seg så raskt i Kenya, og kva vert gjort for å stoppe denne utviklinga, og kva verknad trur vi at tiltaket kan få?*
- Rune Halldor Bjermeland, Inger Leknes Gryte, Audhild Petrin Haddal Holsvik, Kari Kragset, Siv Hege Kristoffersen og Bernt Ragnvald Veddegerde: "Kenya HVO 2004 – musikk" (DVD)
- Bernt Ragnvald Veddegerde: *Kenya studietur HVO 2004* (DVD)
- Ine Linn Marthinsen: *Kvinneres situasjon i Pokot, Kenya med hovudvekt på omskjæring*
- Liv Inger Hildal: *Hvordan møtes den kristne og den afrikanske etikken med tanke på menneskesyn og menneskeverd*
- Per Kristian Sætre: *Det store oppdraget*
- Ine Linn Marthinsen: *Virkelighetsoppfatningen hos digofolket sammenlignet med normativ islam*

Med unntak av dei to første og den siste, gjeld det at desse dokumentasjonane gjekk inn i det formelle vurderingsgrunnlaget for studentane i deira studium. På godt norsk tyder det at studentarbeida vart vurderte med karakter.

Samla sett håpar me at desse to rapportane kan dokumentere ein del viktige erfaringar som vart gjorde på studieturen i februar 2004. I tillegg har me ein ambisjon om at rapporten kan peike utover denne konkrete studieturen og tilby kunnskap og innsikt som kan vere til glede og nytte også i andre samanhengar.

Volda i desember 2004

Odd Ragnar Hunnes

Innhold

Forord.....	3
Bok er bra – studietur best	7
Av Odd Ragnar Hunnes	
Skulevitjingar – ein ressurs for framtidig læringsarbeid.....	45
Av Odd Ragnar Hunnes	
Skule og utdanning i Kenya – glimt frå nokre skulebesøk februar 2004 (DVD).....	61
Av Bjørn Gunnar Tafjord	
(<i>Berre i papirutgåva</i>)	
Kenya Studietur HVO 2004 Lysbildeserie (DVD)	61
Av Bård Dahle	
(<i>Berre i papirutgåva</i>)	
Studietur til Kenya – musikalske forventninger og erfaringer	63
Av Bård Dahle	
“A School in the heart of Africa, with Africa on its heart” Nairobi Evangelical Graduate School of Theology (NEGST).....	75
Av Ralph Meier	

Bok er bra – studietur best

Av Odd Ragnar Hunnes

I artikkelen gjer eg greie for det faglege grunnlaget for studietur som arbeidsform i samfunnsfag/geografi generelt og studieeinga SRS104 spesielt. Artikkelen presenterer vidare hovudtrekka i programmet for den studieturen som vart gjennomført i februar 2004 og viktige tankar og omsyn som påverka utarbeidingsa av dette. I siste del av artikkelen går eg nærmare inn på nokre utvalde tema. Dei er utvalde fordi dei vart særleg aktualiserte undervegs eller fordi dei etter mi vurdering har eit stort potensiale for opplevings- og erfaringsslærings – særleg med tanke på studieturar i framtida.

Oppleving

Eg organiserte ei studiereise til Afrika. Turen gjekk til Kenya og varte heile februar månad 2004. I denne artikkelen vil eg dele utvalde erfaringar og refleksjonar i samband med denne reisa, vonleg til glede og nytte ved framtidige studieturar, både generelt og til Afrika spesielt.

Allereie etter få dagar i Afrika kom ein av studentane med ein kommentar i retning av: ”Dette er noko anna enn å lese i boka, etter dette kjem eg til å lese om Afrika med eit større utbytte, for dette kunne eg ikkje ha forstått utan å ha vore her sjølv.” Han tenkte på lydane, luktene, synsintrykka, rytmen i folkelivet, i trafikken, varmen – både den menneskelege og den fysiske. Filmen og fjernsynet kan fange opp noko av dette, men då er inntrykka redigerte, fokus er gjerne retta mot ei spesiell sak eller ein spesiell person og det som kan ta bort merksemda frå dette fokuset, vert luka vekk. Men når du er der sjølv, ser du også det som skjer utanom ”kamerafokus”. Det du då ser, gjev meir av bakgrunnen og samanhengen. Truleg er det mindre fokusert i forhold til eit spesielt tema, men meir heilskapleg, meir rikt på nyansar, meir realistisk i forhold til det livet dei lever dei menneska som bur der. Det er meir nær, rettare liksom, og kanskje nettopp derfor – vanskelegare å trekke sikre slutningar om. Dette knyter an til noko Immanuel Kant skal ha sagt: ”Omgrep som ikkje er knytte til observasjonar og erfaringar, vert tome og utan kraft” (sitert s. 22 i Tiller 1999). Observasjonar og erfaringar kan også gjerast gjennom bok og film, men styrken og breidda i desse erfaringane har heilt andre og større dimensjonar når ein sjølv er til stades.

Opplevingslæring

Opplevingsdimensjonen er så grunnleggjande i studieturen at det er nærliggjande å gje denne forma for læring merkelappen ”opplevingslæring”, slik m.a. Norleif Vik gjer i rapporten frå

ein studietur til Kenya i 2001 (Vik 2001). Denne læringsforma appellerer til heile mottakarapparatet, her er alle sansar i bruk: syn, hørysle, lukt, smak, den taktile og den kinestetiske. Klimaet med avvik frå det tradisjonelle nedbørsmønsteret; den tynne lufta i Nairobi eller på Mount Kenya (høvesvis knapt 2000 og vel 5000 moh); den jamne vekslinga mellom dagslys og mørke med få gatelys, mange därleg stilte billys og flakkande flammar frå bål og parafinlampar; døgnrytmen med hanegal midt inne i storbyen, mange til fots eller i bilkøar på veg til eller frå arbeid på grunn av ei brå nedskjering i det offentlege transporttilbodet. Dette gjer sitt til at studentane kjenner litt på kroppen korleis menneska her har det. Sjølvsgart er studentane privilegerte ved at dei under studieturen har gode klede, rikeleg tilgang på vatn og mat, har medisinar som stabiliserer ein uroleg mage eller vernar mot/kurerer malaria, og dei har organisert transport. Og likevel – dei kjem tettare inn på levekåra til dei nasjonale. Dei ser at dei nasjonale ofte, men ikkje alltid, smiler. Dei oppdagar at ikkje alle nasjonale, heller ikkje alle tiggarane, er sympatiske, vennlege og takksame. Dei ser skitne og svoltne små born som treng hjelp. Dei opplever seg som bytte for overivrige seljarar av alt mogleg som ein mzungu (swahili for kvit person) kan tenkjast å vere viljug til å betale for. Kort sagt, dei vert kjenslemessig engasjerte, og det er ikkje lett å vite korleis ein skal oppføre seg og reagere. Slik vert dei tvungr til å reflektere over, og bearbeide, det dei opplever. Det er rimeleg å rekne med at denne refleksjonen på ein god måte kan oppsummerast i det sentrale spørsmålet i geografien: "Kvífor er det slik akkurat her?" (Holt-Jensen 1990 s. 19) – og nokre føyer til "akkurat no". Derfor er det lett å forstå at studiereiser og feltarbeid heilt frå starten har vore ein kjerneaktivitet innanfor geografien, og framleis må vere det.

Oppleving som innfallsvinkel til og viktig element i læring er elles godt dokumentert i pedagogisk litteratur. Mellom anna står det å gjere erfaringar som engasjerer fleire sider ved personlegdomen sentralt i konfluent pedagogikk (Bø og Helle 2002 s. 131). Her legg ein altså vekt på opplevingsaspektet (Inglar 1997 s. 46) ved at ein prøvar å få elevane til å "oppleve" lærestoffet og knyte det til sin eigen situasjon (Imsen 2000 s. 261).

Studieturen som arbeidsform og det eg har kalla opplevingslæring, gjev også sterke assosiasjonar til erfaringslæring, for oppleving er nettopp ein alt oppslukande måte å gjere erfaringar på. Men i erfaringslæring er det karakteristisk at desse opplevingane / erfaringane ikkje står åleine, i ei oppsamling av meir eller mindre isolerte fakta, men at dei går inn som element i ein prosess (Moxnes 1981 s. 53). Moxnes framstiller ein slik prosess med følgjande

trinn: Det første trinnet er at ein utfører ei handling og så registererer konsekvensane av denne. Slik eg forstår dette, kan det å vere fysisk til stades vere ei slik handling. Det neste trinnet er, i følgje Moxnes, at ein forstår, først det spesielle ved denne situasjonen, deretter det generelle prinsippet som denne situasjonen og andre, liknande situasjoner fell inn under. Når dette er oppnådd, står det att å bruke erfaringslæringa i nye situasjoner der ho gjeld. Imsen (2002 s. 386-387) hevdar at erfaringslæring er personleg på den måten at ho krev personleg engasjement ved at heile mennesket med både tankar og kjensler er involvert i prosessen, nettopp slik det typisk er ved ein studietur. Det avgjerande punktet i erfaringslæring er korleis erfaringa skal kunne omformast til noko ein kan lære noko av, skriv ho. Det krev at læringa vert gjort bevisst. Under studieturen, der opplevelingane/erfaringane ofte opplevest svært sterke, vil den enkelte gjerne kjenne seg tvungen til å bearbeide inntrykka. Ofte går det nærmast av seg sjølv. Me kan merke det gjennom spontane utsegner og diskusjonar undervegs. Men det er også eit poeng ved slutten av dagen å leggje til rette for å kunne drøfte dei opplevelingane deltakarane har hatt (debriefing). Slik kan dei både få setje ord på eigne inntrykk og høre kva andre har oppfatta og korleis dei har opplevd dagen. Dette er god mentalhygiene, men også ei god hjelp nettopp til å kunne forstå både det spesielle ved den situasjonen ein har opplevd og noko om i kva grad det kan vere råd å sjå konturar av generelle prinsipp som denne og liknande situasjoner kan falle inn under. I kva grad det under studieturen kan ligge til rette for å skape situasjoner der studentane kan bruke det som er lært i konkret handling, slik Moxnes hevdar trengst for at erfaringslæringsprosessen skal vere komplett, kan nok variere. Men i alle fall vil eg tru at prosessen fram til og med debriefinga skaper ein handlingsberedskap til framtidige situasjoner.

Dei artiklane og prosjektoppgåvene som vert laga etter studieturen, er i seg sjølv element i ein erfaringslæringsprosess. Her vert det skildra og reflektert over ein del viktige sider ved studieturen vår i 2004. I den grad me klarer å byggje vidare på erfaringane våre ved framtidige studieturar, vil studiereisa i tilsvarende grad har inngått i ein erfaringslæringsprosess der det faglege innhaldet dreiar seg om det å arrangere ei studiereise.


Gunn Imsen poengterer at erfaringslæring er sosial i den forstand at den sosiale konteksten er ein viktig del av læringa (2002 s. 386). Her peikar ho mot det synet på læring som pedagogen Knud Illeris (2001) seier utdanningssektoren må ha. Han skriv om eit vidt læringsomgrep, der det grunnleggjande synet er at all læring har tre dimensjonar, den kognitive, den psykodynamiske og den sosiale og samfunnsmessige dimensjonen. Det

kognitive gjeld innhaldet i læringa og ei samankopling av det nye med det den lærande allereie har av kunnskap, dugleik og forståing. Den psykodynamiske funksjonen gjeld dei kjenslene, motivasjonen og haldningane som er knytte til læringa og alltid set sitt preg på det som vert lært. Den sosiale og samfunnsmessige dimensjonen gjeld samspelet mellom den lærande og læringssituasjonane, dvs. dei materielle, sosiale, ja dei samla samfunnstilhøva som gjer seg gjeldande i samanhengen og som pregar læringa. Illeris hevdar vidare at sjølve læringa skjer gjennom dei to integrerte prosessane; ein ytre samspelsprosess mellom individet og omgjevnadene, og ein indre bearbeidings- og tileigningsprosess, der det som vert lært, vert teke opp i den lærande sine psykiske strukturar. Etter mi vurdering samsvarar den omfattande læringa som det vert lagt til rette for ved ein studietur, godt med eit slikt vidt læringsomgrep, og legg til rette for stor breidde og variasjon i læringa, eller med andre ord: god og effektiv læring.

Eit vidt læringsomgrep og ein læringsstrategi som knyter seg til erfaringsslæring er såleis det pedagogiske og didaktiske grunnlaget me byggjer studieturverksemda vår på. Innfallsvinkelen til erfaringsslæringa er opplevinga, og denne opplevingsdimensjonen er etter mi oppfatning så grunnleggjande og sterk i dei læringsprosessane som finn stad i samband med studieturen som arbeidsform, at denne utgåva av erfaringsslæring med stor rett kan gjevast merkelappen opplevingslæring.

Studietur eller ferietur?

Opplevingsdimensjonen er også eit grunnleggjande element ved andre føremål med reising, ikkje minst mange former for ferie. På dette punktet har altså studietur og ferie noko felles, og det er ikkje det einaste. Dei inneber begge avveksling frå det ein elles driv med, og det er ikkje uvanleg å høyre folk seie at nettopp dette er definisjonen på ferie: å gjere noko anna. Ved å vere ein annan stad, må ein leggje frå seg mange av dei gjeremåla og pliktene som ein til vanleg har. Så avkopling er også eit felles trekk. Det å møte nye menneske, samfunn og naturforhold, vil nærmest automatisk føre til at ein lærer ein god del, så også på den måten står ferie- og studietur kvarandre nær. Reint skjematiske kan ein seie at både studieturen og ferieturen vil ha (minst) desse tre dimensjonane: oppleveling, læring og avkopling (sjå figur 1). Men til vanleg vil vektinga mellom dei tre vere ulik.



Figur 1. Både studieturen og ferieturen har ein kombinasjon av dei tre dimensjonane oppleving, læring og avkopling. Med eit felles tyngdepunkt i opplevinga, vil studieturen hovudsakleg dra i retning aksen "oppleving – læring", medan ferieturen hovudsakleg vil dra i retning aksen "oppleving – avkopling".

For studieturen vil tendensen vere at vekta dreg mot aksen "oppleving/læring", medan for ferien vil vekta dra mot aksen "oppleving/avkopling". Dette vil sjølv sagt variere mykje både mellom ulike studieturar og feriar og i løpet av den tida ein tur varer. Og overgangane vil vere flytande. Det kan heilt sikkert finnast ferieturar som har sterkare fokus på læring enn enkelte studieturar, og enkelte deler av ein studietur kan vere dominerte av fokus på avkopling sjølv om hovudfokuset er på læring. Mi erfaring er at det er nødvendig å ha nokre økter med avkopling også under ein studietur, og gjerne fleire slike di lengre tid studieturen varer. I tillegg kan sjølv sagt dei ulike deltakarane på ein studietur ha varierande fokus. Likevel vil eg hevde at for studieturen ligg hovudvekta pr. definisjon på aksen "oppleving/læring" til skilnad frå ferieturen. Det er snakk om gradsskilnader meir enn absolute skilnader. I dette perspektivet synest det derfor meir sakssvarande å stille spørsmålet *i kva grad* enn *om* ei reise med rette kan kallast studietur.

Med si hovudvekt på aksen "oppleving/læring", vil studieturen ha utgangspunkt i eit fagleg fokus der val av reisemål og arbeidsmåtar hovudsakleg vert styrt av dette. Moxnes viser til Argyris og hevdar at erfaring i seg sjølv ikkje er nokon garanti for læring (Moxnes 1981 s. 51), erfaringa/opplevinga må medvite setjast inn i erfaringslæringsprosessar. I tråd med dette er arbeidsmåtane ved ein studietur prega av systematikk. Førebuinga må sjølv sagt inkludere

alt det praktiske, men særleg viktig er det å arbeide med tilgjengeleg bakgrunnsmateriale og å presisere for seg sjølv kva ein særleg ønskjer å finne ut meir om. Enkelte vil hevde at det er nettopp når det gjeld den faglege førebuinga at kjernen til ein vellukka studietur ligg.

Gjennomføringa vil, i tillegg til det den umiddelbare opplevinga kan gje, vere prega av systematisk innhenting av informasjon, noko som vert teke vare på gjennom eigne notat, relevante dokument som ein kan få tak i, foto, film og lydopptak, drøftingar undervegs deltarane imellom m.m. Etterarbeidet vil vere ei blanding av referat, refleksjon og synleggjering av moglege mønster, samanhengar og forklaringar på det ein har opplevd og bør munne ut i ei eller anna form for dokumentasjon. Dokumentasjonen bør vere slik at viktige deler av det studieturen har gjeve deltararen av oppleving/læring, vert gjort tilgjengeleg for andre på ein slik måte at også dei kan få del i læringsutbyttet av studieturen.

Viktige verdiar

Når me reiser på studietur, er det naturlege utgangspunktet at me ønskjer å lære mest mogleg om land og folk, me reiser for å oppleve og for å verte påverka av det me opplever. Geografen Jan Hesselberg skriv at feltarbeid i utviklingsland er eit nyttig middel for å oppnå kompetanse dersom det innehold deltaking og innleiving i lokale forhold (1998 s. 20). Eg vil gjere det same synspunktet gjeldande for studieturen sjølv om den sistnemnde i sin natur går mindre i djupna. Dette kan illustrerast med noko ein student skriv i evalueringa si etter turen i 2004: "Jeg har lært så masse som jeg aldri kunne lest meg til gjennom noen lærebok. Menneskene har gjort et veldig sterkt inntrykk på meg." Hesselberg skriv (ibid. s. 20) at utdanning og haldningsendring i denne samanhengen er to sider ved same sak. I den grad det er tilfelle, er det tilsvarande viktig å ha eit vake øye nettopp på dei haldningane som me vert møtte av og som me møter andre med under ein studietur. For samtidig som me sjølve vert påverka av dei menneska me møter, kjem me sjølve også til å påverke dei som bur der. Det skjer m.a. gjennom det me syner interesse for og dei haldningane me møter folk og forhold med. Derfor er det viktig å ha tenkt gjennom eigne haldningar som ein del av førebuinga til studieturen.

Slik eg forstår konfluent pedagogikk er det eit poeng at læringsituasjonane ikkje må "tømast" for spenning og potensiale for eiga oppdaging gjennom altfor omfattande førebuing. Dette er eit poeng som eg har stor sans for. På den andre sida kan det å møte ein svært ulik kultur enn vår eigen ha så omfattande konsekvensar ikkje minst for dei me vitjar, at me knapt kan tillate oss å vere därleg førebudde. Me ønskjer ikkje å kome der og i vår uforstand opptre respektlaust i forhold til andre sine verdiar og identitet. Ein så omfattande studietur som den

me gjennomførte, inneheld likevel så mykje potensiale for genuine oppdaginger, at faren for å töme turen for spennande læring er liten. Forholdet mellom grundig førebuing og oppdaging er også eit spørsmål om å finne ein balanse mellom det spennande og det trygge. Å ha tilstrekkeleg tryggleik i læringssituasjonen er også viktig for god oppleving og eit positivt læringsutbytte. I ettertid er min tanke at førebuinga vår på eigne haldningar i forhold til det å møte ein framand kultur godt kunne ha vore meir omfattande. Me hadde ein rask gjennomgang om møte med andre kulturar, men var lite tydelege på kva utfordringar deltakarane måtte rekne med å få på dette feltet.

Mine haldningsideal for deltakarar ved ein studietur som vår, kan summerast i tre omgrep: respekt, likeverd og gjensidig utbytte. Respekt og likeverd kling med i den gylne regelen om å gjere mot andre som du vil at andre skal gjere mot deg (Matt. 7,12). Og for at ei handling skal vere moralsk forsvarleg, presiserer Kant i eit av sine ”kategoriske imperativ” at ingen må bruke andre menneske berre som eit middel til å nå eigne mål (Tollefsen m.fl. 2002 s. 336). Den russiske språkfilosofen Bakhtin seier at livet er dialogisk i sin natur og at mennesket berre kan sjå seg sjølv i forhold til den andre. Han hevdar såleis at dialog er menneskets grunnvilkår i tilveret (Dysthe 1999 s. 110-111). Slik eg ser det, må dette grunnvilkåret, dialogen, nettopp byggje på respekt og likeverd. Derfor er denne haldninga så viktig både for dei me møter under studieturen – og for oss sjølve – fordi me speglar oss i kvarandre. Dette er ein tanke eg også finn støtte for hos professor i idehistorie, Guttorm Fløistad når han skriv at det er i dialogen, i forholdet til andre, at den enkelte best kan bli og erkjenne seg sjølv (Fløistad 1996 s.159). Eit sitat frå evalueringsskjemaet¹ til ein av studentane peikar den same retninga: ”Eg har lært utruleg mykje om meg sjølv og om folket i ein annan verdsdel. Eg er blitt kvitt fordommar som eg ikkje visste at eg hadde...” Slik eg les fråseagna om menneskerettane (FN 1948), er respekt og likeverd også der eit heilt grunnleggjande prinsipp. Og nettopp overfor afrikanske land har Noreg gjennom sin bistandspolitikk poengtert at menneskerettane er forpliktande for praksis. I si tid avslutta Noreg utviklingshjelpa til Uganda (1972) og Kenya (1991) fordi Noreg meinte at styresmaktene i desse landa mangla respekt for menneskerettane (Villumstad 1997 s. 512).

¹ Etter heimkoma vart alle deltakarane inviterte til å vere med på ei skriftleg evaluering av studieturen. Etter ein del purringar kom det inn svar frå alle. Eg vil bruke informasjon som kom inn i denne evalueringa utover i denne artikkelen. Spørsmåla i evalueringa finn du i vedlegg 1.

Det tredje prinsippet, det om gjensidig utbytte, har m.a. vorte løfta fram gjennom det siste av dei åtte tusenårsmåla for utvikling som kom ut av FN sitt tusenårstoppmøte i september 2000. Kortversjonen av dette lyder: ”Utvikle eit globalt partnarskap for utvikling” (HDR 2003). Meir konkret har gjensidig utbytte gjennom partnarskap m.a. kome til uttrykk gjennom ei av dei nye satsingane som det norske fredskorpset har stått for. Det er programmet ”Fredskorpset ung – utveksling for utvikling”, som m.a. samfunnsfagmiljøet i Avdeling for Lærarutdanning ved Høgskulen i Volda har engasjert seg i. Eit berande prinsipp for dette programmet er at partnarane skal ha gjensidig utbytte av samarbeidet, og dette prinsippet vil me gjerne skal ha gjennomslag i alle samanhengar der me har relasjonar til personar og institusjonar i Sør, ikkje minst ved studieturar.

Under studieturen har me sjølvsagt momentet om tryggleik, at deltagarane ikkje skal utsetjast for unødig fare. Oftast er det relativt greitt å vite kvar grensa går i så måte. Men det er eit poeng å kunne skilje mellom fare på den eine sida og ubehag og låg standard på den andre. Det er ikkje alt som er ubehageleg eller som har låg standard som er farleg og derfor bør unngåast. Som ein av studentane skreiv etter turen: ”Ein må vere innstilt på at ein reiser til ein annan kultur – ein får ikkje dei same fasilitetane som heime..... Og det er litt av turen!” Men så trygt som råd skal det vere.

Programmet: *Skulle gjerne hatt meir tid...*

Samfunnsfagmiljøet ved lærarutdanninga i Volda har tradisjon for studieturar til Afrika heilt attende til 1974. Me tykkjer at me har fått ei stadfesting på at det er ein god tradisjon m.a. gjennom læreplanen for den 10-årige grunnskulen der me på side 38 les at ein viktig føresetnad for utviklinga av Noreg og vår evne til å gjere oss gjeldande internasjonalt, utvikle velferd og ta vare på miljø, m.a. krev god kunnskap om andre lands kultur og språk. Fokuset på internasjonalisering har berre auka innan norsk utdanning dei seinare åra, og dette har gjort slike studieturar endå meir aktuelle. Valet av Kenya heng saman med at kollega Norleif Vik og eg sjølv har budd og arbeidd der i om lag to år kvar, han i perioden 1991-1993 og eg 2000-2002. Den kunnskapen om landet og dei kontaktane me på denne måten har skaffa oss, har vore avgjerande viktig for både planlegginga og gjennomføringa av studieturen.

Programmet for studieturen i februar 2004 kan grovt sett delast i følgjande bolkar:

1. Den første veka var me i Nairobi. Der fekk me ulike førelesingar om kenyanske forhold og norske organisasjonar sitt arbeid i Aust Afrika. Me var på ein rundtur i

byen, vitja nasjonalmuseet, to gudstenester, eit mindre slumområde, Pumwani, med om lag 50 000 innbyggjarar, eit par skular og eit college for lærarutdanning. Dei fleste kveldane var musikkstudentane ute på byen på leiting etter levande afrikansk musikk, men fann lite.

2. Den andre veka var me vest i landet. Først i Pokot der me vitja ein lokal marknad, overnatta i jordhus, var med på samlingsgudsteneste i fjella, vitja to skular, opplevde ei lokal danseførestelling, fekk førelesing om den tradisjonelle kulturen i området og orientering om det arbeidet norske misjonærar gjør. Seinare reiste me gjennom det grøderike landskapet i det låge platået i vest mot byen Kericho m.a. med teplantasjar og avslutta denne delen med eit døgn i nasjonalparken Maasai Mara der me fekk sjå mykje av det afrikansk dyreliv har å by på.
3. Etter ei kvilehelg, ein arbeidsdag i Nairobi og vitjing av eit par skular to og ein halv times køyring nord for Nairobi, delte me oss i to grupper. Den eine gjennomførte ein tre døgns tur til Mount Kenya, medan den andre køyrdet vestover høglandet i Centreal District. Denne gruppa var innom nasjonalparken Lake Elmentaita som er kjent for stor konsentrasjon av flamingoar, og heldt deretter fram med ein fjelltur til kraterkanten av Mount Longonot. Neste dag vitja dei eit prosjekt som Kirkens Nødhjelp støttar i byen Kitui, vel to timars reise aust for Nairobi, og til slutt vitja denne gruppa ein barneheim for HIV-/AIDS-positive, foreldrelose born.
4. Mesteparten av den siste veka var me samla i Mombasa, etter ein spennande tur med nattoget frå hovudstaden. I Mombasa var det meste av programmet friviljug; ein dag var det gudsteneste og vitjing av Msambweni Community Centre sør for Mombasa, neste dag var det rundtur til Mombasa by og den siste dagen var det snorkling og kystkultur ved korallrevet på grensa mot Tanzania. Ein heil dag gjekk med til reisa attende til Nairobi. Dei to siste dagane inneheldt m.a. vitjing av FN-anlegget der, det einaste FN-hovudkontoret i eit uland (UNDP og UN HABITAT), og ein turistmarknad for å sikre dei siste suvenirinnkjøpa.

Det vil alltid vere ei utfordring å finne ein god balanse mellom breidde og djupne i eit slikt program. Det var så mykje eg ønskte at deltakarane skulle sjå og oppleve. På den andre sida vart det næraast som eit refreg mot slutten av dagen: ”Me skulle hatt meir tid der me var i dag...”

Programmet var planlagt slik at det var ekstra tett i starten. Då er studentane vanlegvis motiverte og det er viktig å kome godt i gang. Eit litt stramt program den første veka var med på å setje ein standard for studieturen. Etter kvart la me inn opningar for å følgje opp slikt som me har lært, kanskje med ny vitjing. Slike lommer var lagde inn for at det også skulle vere plass til programpostar som me kjem på sporet av i løpet av den første delen av studieturen. Me prøvde også å leggje inn ein del programpostar i starten som kunne setje studentane på sporet i forhold til dei oppgåvene dei skulle løyse og seinare dokumentere. Lenger ute i turen låg det til rette for å setje av tid til å arbeide vidare med/systematisere den informasjonen som dei hadde skaffa. Gjennom slikt arbeid kan dei lettare finne ut kva dei sjølve treng å supplere med før dei reiser heim. Det viser seg at det kan vere svært vanskeleg å få tak i slik informasjon i ettermiddag. Det kan hende at me i vårt opplegg kørde ut for hardt i starten, for det var absolutt råd å spore ein viss trøytteik mot slutten av turen. Denne trøytteiken kan sjølvsagt ha samanheng også med andre forhold, som t.d. manglande søvn, ferieassosiasjonar som det er lett å få på eit så flott hotell som me budde på i Mombasa o.l. Likevel kan det hende at litt meir rom i programmet, kanskje særleg for å kunne førebu seg praktisk før lengre reiser, slik ein person gjev signal om i den skriftlege evalueringa, ville gje ein betre puls i studieturen sett under eitt.

Det er viktig både på førehand og underveis å gjere greie for dei innslaga som er sette på programmet, både **kva** desse programinnsлага inneber, **kvifor** dei er tekne med og **korleis** dei er planlagt gjennomførte. Tydeleg avklaring av ”Kva, kvifor og korleis” ein skal lære, er den generelle didaktiske formelen som alle skulle kjenne, men som me underveis oppdaga at me kanskje ikkje hadde teke alvorleg nok. Turiststemninga som eg kommenterer nedanfor, kan ha samanheng med dette og illustrerer eit felt der eg kom noko til kort som organisator, leiar og lærar. For me opplevde enkelte tilfelle, særleg mot slutten av turen, at studentane ikkje utan vidare var motiverte for å vere med på det som stod på programmet. Og eg fekk eit tips om at dersom eg hadde informert grundigare og i god tid, ville dei aktuelle programpostane ha fungert betre. I løpet av den første veka kom det også fram kritikk som gjekk ut på at det var sett av mest tid til tema og vitjingar som var mest relevant for samfunnsfag. Det var ønske om at det vart teke meir omsyn til musikkstudentane sine behov, kanskje særleg dette at dei gjerne ville snakke med utøvarar etter musikalske framføringar. For dei var sjølve framføringa ikkje meir enn litt over halve opplevinga, resten var det å kunne treffen utøvarane, stille dei spørsmål og sjå nærare på instrument, drakter m.m. Det var også enkelte studentar som underveis oppdaga at det arbeidet dei hadde lagt opp til når det gjaldt dokumentasjon var

meir arbeidskrevjande enn dei hadde tenkt seg på førehand. Desse studentane fekk derfor problem med å følge opp det planlagde programmet. Det var svært positivt at desse synspunkta kom fram undervegs. Det kunne vere vanskeleg å gjere endringar i programmet på kort varsel, men det å få desse ønska på bordet var i alle fall ein føresetnad for å kunne gjere justeringar. Og det er mitt inntrykk at me klarte å arbeide oss fram til måtar å møte slike tilbakemeldingar på som alle kunne leve med. I dei tre konkrete tilfella som er nemnde ovanfor, vart ein del programpostar gjort friviljuge mot slutten av studieturen, musikkstudentane fekk meir tid til oppfølgingsarbeid etter dei framføringane der dette var mogleg å få til, og dei studentane som hadde ei stor arbeidsbør, fekk lagt inn nokre ekstra arbeidsøkter ved å kutte ut nokre skulevitjingar.

No hadde programmet vore tilgjengeleg for alle, både lærarar og studentar, i løpet av heile hausten medan det var under utvikling. I den perioden kom det få innspel. Noko anna var kanskje ikkje å vente, for sjølve reisa låg langt fram i tid, og berre tre hadde vore i Afrika før. Dei andre hadde såleis små føresetnader for å førestille seg korleis programmet ville fungere i praksis. Ut frå erfaringane våre, tenkjer eg at undervegs justeringar er avgjerande viktig for kor vellukka ein studietur vert. Inga planlegging kan føresjå alt og det er derfor nødvendig å kunne improvisere litt. Dessutan opnar improvisasjonar for at deltakarane kan vere aktive i å utforme programmet. Men utan at hovudstrukturen og det meste i programmet er planlagt på førehand, kan verdfull tid lett gå til spille.

Programmet vårt var ei blanding av felles program og fagspesifikt program, mellom obligatorisk program og friviljug program. Tanken med fellesprogrammet var at det skulle kunne vere interessant for alle faggruppene, sjølv om somt var meir relevant for ei faggruppe enn dei andre. Alle faggruppene fekk ein del av sine spesielle fokus inn i fellesprogrammet. Dette både for å byggje opp om den tverrfaglege identiteten for studieturen, og for å understreke at ”alt heng saman med alt” og at når ein skal studere framand natur og kultur, må ein ha eit breitt perspektiv og ikkje ha for snevert fokus. Av tabell 1 går det fram at deltakarane opplevde balansen i programmet som rimeleg god både med omsyn på obligatorisk/friviljug og fagspesifikt/felles program.

Programbalanse	Litt for mykje felles program	Litt for mykje obligatorisk	God balanse	Ikkje svar
Obligatorisk / friviljug program		33 %	62 %	5 %
Fagspesifikt og felles program	29 %		71 %	

Tabell 1: Programbalanse. Deltakarane si oppleving av balansen i programmet under studieturen mellom obligatorisk og friviljug program, og fagspesifikt og felles program.

Med eit slikt opplegg med deltaking frå fleire faggrupper, må det vere ein klar føresetnad at dei enkelte faga tek ansvaret for sine fagspesifikke opplegg både i planleggingsfasen og i gjennomføringa. Dette gjeld også dei justeringane som ein ønskjer å gjere undervegs. Dette kan synast innlysande i teorien, men krev ei relativt stram samordning heile tida. Lærarane hadde jamlege møte undervegs og det meste vart avklara der. Likevel går enkelte tilbakemeldingar frå studentane i retning av at samarbeidet mellom faga kunne ha vore betre.

Når ein reiser til Afrika, vil ein del av studentane ha forventingar om å kunne sole seg. Det slår sjeldan feil at hudfargen vert kommentert når ein kjem heim etter nokre veker i Afrika. Valet står ofte mellom to standardkommentarar. Anten i retning av ”Det er lett å sjå at du har vore i Afrika” (underforstått: sola har gjeve deg farge), eller ”Var du ikkje i Afrika likevel?” (underforstått: eg hadde venta at du skulle vere brunare). Afrika vert assosiert med solbrune kroppar, og solbrune kroppar vert assosiert med ferie. Me fann at det kunne vere nødvendig å ha nokre halve dagar kvile undervegs på turen, og då kombinere dei med høve til å sole seg. Kombinasjonen soling og feriestemning vart nok først og fremst ei utfordring i Mombasa. Der budde me på eit flott hotell med badebasseng og kvit sandstrand ved Det indiske havet. Då tok feriestemninga/ferieforventinga sterkare tak enn elles. Her kunne me nok ha førebudd oss/motivert tydelegare kva fagleg utbytte me ville ha av dei ulike dagane, samtidig synte det seg at av tre dagar med friviljug program, var dei fleste med på to av dei. Det ville vere urett å karakterisere det som rein ferie. Sjølv om programmet den eine dagen var snorkling ved korallreva ved Shrimoni, heilt på grensa til Tanzania. Men både aktiviteten og tilbakemeldingane på vurderingsskjemaet tyder på at me under denne delen at studieturen vår kom farleg nær ein ferietur i opplevd innhald.

Deltakarane fekk også spørsmål om korleis dei var nøgde med programmet sett under eitt. Svara er framstilte i tabell 2 og dei viser at alle plasserer seg på den positive sida på skalaen mellom ”svært misnøgd” og ”svært nøgd” med flest avkryssingar for 5 på ein skala frå 1 til 6.

Svaralternativ	1. Svært misnøgd	2	3	4	5	6. Svært nøgd
Svarfrekvens				5 %	57 %	38 %

Tabell 2. Deltakarane si vurdering, uttrykt i prosent, av programmet for studieturen samla sett.

Enkelte av gudstenestene, vitjingane på museum og på FN er det som vert nemnt av meir enn to deltakarar som innslag dei hadde lite utbytte av. Av dei programpostane som hadde gjeve størst utbytte, vart Pumwanislummen, Pokot og skulevitjingar nemnde av høvesvis 8, 7 og 6 deltakarar. Elles synest det å vere eit mønster at studentane gjev best tilbakemelding på dei programpostane som dei oppfatta som særleg relevante for sitt fag, men dette mønsteret er ikkje eintydig. Og slike ”utbrytarar” av det relevans-mønsteret som ein kunne ha venta, er gode argument for å organisere slike studieturar tverrfagleg. Ut frå desse tilbakemeldingane synest det rimeleg å rekne med at hovudstrukturen for turen er god, at det er enkelte innslag som me må prøve å få med ved eit eventuelt seinare høve, og at det er somme innslag som bør gjennomførast på andre måtar dersom dei skal vere med i programmet.

Enkelte dagar hadde me lange køyreturar, opp til 13 timer i bil. Me tok opp spørsmålet om dette vart for langt på ein dag, og synspunkta var balanserte. På den eine sida var det greitt å køyre såpass langt på kort tid for på den måten å få høve til å bruke meir tid på stader der me stoppa. På den andre sida var det mykje undervegs som det kunne ha vore interessant å stoppe og sjå nærmare på.

Å reise i eit såpass stort følgje tek litt ekstra tid i forhold til å reise berre med ein buss. Dei tre bussane våre heldt stadig radiokontakt, og venta ofte på kvarandre. Dette tok litt ekstra tid, men var sjølvsagt samtidig viktig for tryggleiken. Me fekk demonstrert dette ved nokre punkteringar: Dei tre sjåførane skifta til nytt hjul på kort tid. Så snart nokon trengde å stanse for å gå på do, ville fort mange nytte høvet til det same, dermed vart det ei erfaring at eit kort stopp sjeldan kunne avviklast på under tre kvarter. Og dersom det fanst ei bu der det vart selt suvenirar, måtte me rekne med det dobbelte. I løpet av ein dag når ei lang strekning skulle

tilbakeleggjast, førte denne dynamikken til at det vart færre og lengre stopp enn mange kunne ønske.

Me hadde lite problem med sjukdom. Men spørsmålet om korleis me skulle takle det dersom deltakarane ikkje kunne vere med på programmet, låg og lurte i bakhovudet store deler av turen. Særleg var dette aktuelt i dei periodane då me reiste mykje og skifta overnattingsstad så å seie kvar natt. Generelt er det klokt å ha tenkt gjennom korleis slike situasjonar kan møtast. Med fire lærarar, 17 studentar og tre minibussar, meinte me at me hadde rimeleg gode rammer for å lage alternative opplegg for påkomande tilfelle.

Me valde å reise i februar månad fordi dette tradisjonelt er den tryggaste månaden klimatisk med lite regn. Akkurat dette har vore noko meir usikkert dei siste åra, og me opplevde nokre regnskyll både i Nairobi og på vegen mot Mount Kenya, men veret skapte ingen nemnande problem for oss. For oss var det også eit poeng at skulane var i full drift i februar, sidan me hadde fleire skulevitjingar på programmet. Det viste seg etter heimkoma at ein del studentar trengde ei vekes tid til å ”lande” før dei kom i gjenge med studiearbeidet sitt att. Dette gjaldt kanskje særleg studentar med born. Dette bør ein truleg ta omsyn til i semesterplanen for studiet, anten med ikkje å ha undervisning den første veka etter turen, eller ved å leggje ein såpass lang studietur inn til ein høveleg ferie, t.d. påskeferien.

Nokre erfaringar

Det er vanskeleg og neppe føremålstenleg å prøve å gje ei heildekkande framstilling av dei erfaringane me gjorde i løpet av studieturen. Eg har derfor valt ut nokre tema som vart særleg aktualiserte undervegs og/eller fordi dei har eit stort potensiale for opplevings- og erfaringslæring – ikkje minst med tanke på studieturar i framtidia.

Førebuing: Proper Preparation Prevents Poor Performance

Å reise på ein såpass lang studietur som me gjorde, inneber ei relativt stor investering både i tid, pengar og engasjement. Det store spørsmålet som alle naturleg stiller, er om utbyttet kjem til å stå i eit rimeleg forhold til investeringane. Dette kan ein aldri vere heilt sikker på korkje når det gjeld gruppa eller den enkelte. Dette var ein viktig grunn til at eg var litt varsam med å motivere for deltaking fordi eg ikkje ønskte at folk skulle oppleve seg pressa eller sterkt overtalte til å vere med. Studentane hadde eit reelt val, dei som vart heime, fekk eit alternativt opplegg. Det syntet seg at ein student som hadde vore med på tilsvarende studietur to år tidlegare, var den som motiverte sterkest og mest overtydande overfor medstudentane. Og ein

uttale frå ein av deltakarane gjekk om lag slik: ”Eg var så redd for at denne turen ikkje skulle vere verd det eg satsa. Men allereie no, etter fire dagar, har eg opplevd så mykje at det åleine er verd innsatsen min.” Og ho heldt fram: ”Neste gong bør de bruke studentar som har vore med på denne turen til å informere aktuelle studentgrupper.”

Generelt kan seiast at norske media helst dekkjer Afrika når kontinentet vert råka av kriser, naturskapte eller menneskeskapte. Den som har vore der, veit at biletet er mykje meir nyansert. For min eigen del kjem biletet ut mykje meir positivt totalt sett enn det inntrykket som massemedia i Noreg gjev. Likevel er det ikkje tvil om at der finst mange farar. Me opplevde det derfor som ein svært vanskeleg balansegang på den eine sida å motivere deltakarane for å vere forsiktige nok til ikkje å setje seg i unødvendig fare og på den andre sida å unngå at dei fekk ei generell frykt som ville presse dei på defensiven og slik avgrense utbyttet deira.

Eit anna dilemma var å finne ein balanse mellom det å førebu seg på det autentiske Afrika og den standard som ein norsk reisande ønskjer/treng for å kunne fungere og trivast. Eit viktig poeng med ein studietur til Kenya er sjølvsagt å oppleve og å lære noko anna og meir enn det ein gjennomsnittleg turist får med seg. Derfor oppsøkjer me stadar, miljø og personar utanfor allfarveg med alt dette inneber av uvande smakar, lukter og standard når det gjeld hygiene (spindelrev i vindauge og krokar), avtrede (utedo, ulike modellar for sittande/ståande leveringsstillingar), matsetel og måtar å stelle i stand mat på (varsam med det som ikkje er kokt, mykje maismasse, kenyansk kjøt er ikkje og skal ikkje vere mørkt), nærbond med dyr og insekt (stikk og bit ikkje uvanleg), mindre høve til å vaske klede, lite skjerming mot nærbond med enkelte av dei menneska me møter. Døme på det sist nemnde er at ein god del tid går med til meir eller mindre rituell helsing før ein kan kome ”til poenget”. Saka er at helsing som ein del av relasjonsbygging i afrikansk samanheng nettopp er ein viktig del av ”poenget”. Medan for oss er ”poenget” gjerne å kome i posisjon til å få sjå eller å få spørje. Eit anna døme er ein innfødd som høyrd til maasai-stamma som først viste oss korleis han laga eld ved å gni to trestykke mot kvarandre og overføre varmen til tørka elefantmøkk. Han fekk det til og det brann godt. Så slekte han dette ved å kaste fersk kumøkk på elden. Deretter handhelste han og omfamna enkelte av oss. Noko slikt er spennande og noko av røyndomen, slik ”er det der”, men ganske langt frå det me kunne kalle norsk standard. Likevel er det slik at dersom me vil oppleve og kome nær inn på dei nasjonale sin kvardag, må me vere innstilte på å late ”norsk standard” kome litt i bakgrunnen.

På den andre sida må me vere varsame, slik at me ikkje pådreg oss smitte gjennom mat og kontakt. Det er ei kjensgjerning at av våre 21 deltararar, var det 14 som fekk meir eller mindre mageproblem i løpet av dei fire vekene studituren varte, og det var fleire som åt mindre enn vanleg på deler av turen. Det er på ingen måte eit krav at ein skal ete alt ein får servert, og endå mindre at ein skal like det. Men ein må vere budd på at ein får servert mat ein ikkje er van med og møte mykje som opplevest som upraktisk. Dette kan synast sjølvsagt, for studiereisa skal vel nettopp ta oss til stadar og samfunn der mykje er annleis enn heime. Men det kan vere vanskeleg nok når ein står der i den konkrete situasjonen og må på do og det einaste tilgjengelege avtrede er eit svært illeluktande vassklosett der golvet er overfløymt av vatn som kanskje kjem frå klosettskåla, veggane har mange slags merke og det manglar papir, eller kanskje det er eit hol i eit jordgolv som nokon har fortalt at dei har høyrt at det ein gong kom ein slage eller eit anna (kryp)dyr opp av. Det treng ikkje vere sant for å verke skremmande.

Norske helsestyresmakter har også sine oppfatningar om korleis ein skal førebu seg. Me hadde vitjing av helsesøster som orienterte godt og greitt. Ho hadde ei open haldning i forhold til val av vaksiner. Eit springande punkt ser val av malariamedisin ut til å vere. I Noreg får ein gjerne tilrådd å bruke eit preparat av typen Lariam, men i Kenya møtte eg folk som sterkt frårådde dette preparatet på grunn av sideverknadene. Rettleiingane frå helsearbeidarar i Noreg har ofte preg av å måtte vere på den sikre sida, med mange slags vaksinar og mange råd og reglar om varsemd. For mange med omfattande erfaringar frå Afrika kan dette framstå som litt skrivebordsaktig og gjerne litt for omfattande og tungvint i praksis. På den andre sida kan mange Afrika-veteranar verte litt sløve på dette punktet og gløyme at sjansar og forholdsreglar som dei sjølve tek, kanskje utan å tenkje seg om, ikkje går av seg sjølv for dei mindre røynde. Det er også stor skilnad på kva sjansar ein kan ta på eigne vegner og kva retningslinjer som må gjelde for ei heil gruppe. For gruppa samla er det utan tvil fornuftig å følgje føredømet til helsevesenet om å vere på den sikre sida. For den urøynde er prinsippet om å vere føre var det beste.

Dei skriftlege tilbakemeldingane frå deltarane tyder på at få er direkte misnøgde med førebuingane, men berre få er svært godt nøgde, slik det går fram av tabell 3. I dei frie kommentarane nemner ein respondent ”meir pensum før turen” og ”obligatorisk frammøte til undervisninga og færre, men lengre samlingar” frå ein annan. Den fagspesifikke førebuinga har vore ulik, og der er KRL-studentane minst nøgde.

	1. Svært lite nøgd	2	3	4	5	6. Svært godt nøgd
Det praktiske	0 %	0 %	10 %	14 %	48 %	29 %
Det faglege	5 %	0 %	10 %	29 %	38 %	19 %

Tabell 3. Kor nøgde er deltakarane med førebuinga til studieturen? Svarfordeling i prosent på ein skala frå 1 til 6 der 1 tyder "Svært lite nøgd" og 6 tyder "Svært godt nøgd".

Førebuingssarbeidet ute i feltet kan neppe gjerast grundig nok. Eg har framleis mange gode kontaktar i Kenya og kjenner i alle fall deler av landet relativt godt etter dei to åra eg budde der. I 2001 var eg lokal kontaktperson for den tilsvarende studieturen og gjorde mange erfaringar som me bygde vidare på denne gongen. Telefon og post er ikkje så pålitelege i Kenya som i Noreg, og i tillegg står me overfor ein kultur som i mange tilfelle gjev desse kommunikasjonskanalane eit mindre forpliktande preg enn det personlege møtet. For mange programpostar sin del måtte eg likevel satse på telefon, e-post og vanleg post. Men i staden for berre å lite på desse kommunikasjonskanalane direkte til den/dei eg ville nå, brukte eg mellomledd så langt det var mogleg. Dette var personar som eg kjenner og som eg derfor er trygg på både forstår kva eg meiner og gjennomfører dei oppgåvene dei tek på seg. Etter slik bruk av kontaktperson prøvde eg å oppsøke folk direkte og gjere mest mogleg konkrete avtalar då. Dette skjedde delvis ved at eg reiste til Kenya fire-fem dagar før studentgruppa kom, og delvis ved at eg tok slike kontaktar i løpet av studieturen. Under reisa til eit slikt møte, nikka drosjesjåfören til mi forklaring på kvifor eg reiste eins ærend for å avklare detaljane for vitjinga neste dag. Han var det som uttalte det som eg generelt vil kalle planleggingas fem p-ar fordi det slett ikkje berre gjeld studieturar: "Proper Preparation Prevents Poor Performance".

Gjesterolla

Me var gjestar i Kenya og fekk til fulle erfare at kenyanarar generelt er svært gjestfrie, imøtekomande og opne menneske. For dei er det å pleie relasjonar svært viktig og i deira kultur vert det sett på som ei velsigning å få gjestar. Når dei får gjestar, vert det fest; då slaktar dei og et. Den velsigninga gjestane fører med seg vart m.a. poengert av rektor ved ein av skulane me vitja, Gahaitia Secondary School. Han sa at utanom avisene, så var vår vitjing det

eine kikholet ut til ”den store verda” som elevane hans hadde i løpet av lang tid. Så dei ville gjerne ta imot oss og vere venene våre.

I løpet av dei fire vekene studieturen varte, sat eg ofte att med ei kjensle av at ganske mange av dei enkeltmenneska som me møtte, inviterte oss inn i ein meir personleg relasjon enn me var budde på, i stand til og kanskje også viljuge til å gå inn i. For me var mest ute etter å få eit relativt uforpliktande innblikk i deira levekår, deira måte å organisere livet sitt på. Me tok bileta våre, skreiv notatane våre, lærte ein heil del – og reiste vidare. Dette gjorde meg ved ein del høve litt ukomfortabel, både på eigne og heile gruppa sine vegner, og eg stilte meg spørsmålet om me gjennom vår framferd skuffa dei nasjonale. På lengre sikt kan det tenkast at me på denne måten er med på å endre dei nasjonale si haldning til gjestar, slik at dei vert meir tilbakehaldne til det å invitere andre menneske inn i deira privatliv, så å seie. Eg drøfta spørsmålet om dei forventingane som me vekkjer ved å kome på vitjing med nokre røynde Afrika-vener. Dei meinte at mi redsle for at dei nasjonale tek imot oss med forventing om eit meir forpliktande og langvarig forhold, truleg er overdriven. Dei nasjonale veit at me er gjestar, fekk eg høyre, dei er i ferd med å få erfaring for at gjestar er flyktige. Men dei etterlet seg i alle fall pengar både for hus, mat og suvenirar. Og me bør ikkje vere blinde for at dei nasjonale kan ha mange ulike motiv for å ville byggje personlege relasjoner til kvite gjestar. Eit nærliggjande motiv knyter seg til det faktum at dei kvite svært ofte har god tilgang på pengar, noko som dei nasjonale har sett mange illustrasjonar på. Og di tettare relasjoner, di større er sjansen til å få hjelp til mat, klede, skulepengar m.m.

For å balansere gjevar- og mottakarrollene i alle fall noko på veg, prøvde me i planlegginga vår å førebu oss på å få til noko gjensidig over dei møta som skulle finne stad. Derfor hadde me planlagt både helsingar og norsk korsong under dei gudstenestene som me skulle vere med på, ja, i eitt tilfelle heldt ein av lærarane våre til og med preika. Under dei skulevitjingane som me gjennomførte, bidrog me også med eit undervisingsinnslag om Noreg, stundom på ein heil skuletime. Me fekk mange og sterke stadfestingar på at dette vart godt motteke. Derfor vart det også slik, at det ikkje berre var me som fekk sjå og lære noko om dei og deira levekår, dei fekk også sjå og lære litt om oss. Og likevel sit eg nok att med kjensla av å ha fått meir enn eg gav, men det er kanskje ofte slik det er å vere gjest.

Derfor er det kanskje ekstra viktig å hugse at når ein er gjest, er det vertskapet som bestemmer. Gjesten kan kome med ønske om å få sjå og oppleve, men må rette seg etter det

vertskapet legg opp til, eller det som er skikken der. Dette kan gjelde omstendelege helse- og presentasjonsrundar, skikkar for mat og klesdrakt og ikkje minst forholdet til tid og tidsfristar.

Tid

I teorien var me budde på afrikanaren si noko avslappa haldning til klokka, og stort sett fungerte det bra for oss. Når sant skal seiast, var det ofte me som kom i seinaste laget til avtalar. Det kunne ha samanheng med at me feilbereknar trafikken, slik at transporten tok lengre tid enn me hadde trudd, eller at det tok lengre tid for heile gruppa å gå på do eller å handle suvenirar. Og mang ein gong var me takksame for sjåførane våre sitt tolmod når dei måtte vente på at me skulle gjere oss ferdige med både planlagde og impulsive stopp. For dei var imponerande presise sjølve. Likevel er den generelt avslappa haldninga til tidsfristar eit viktig moment når heile livsrytmen i Kenya er meir roleg enn i Noreg. Det er viktig å innstille seg på dette og innrette seg etter det. For om det er rett at ting tar tid i Noreg, så er det endå meir dekkjande for Kenya; TING TAR TID.

Eg vil balansere denne generaliseringa med å fortelje om ei vitjing nokre av oss hadde til ein heim for foreldrelause born som har testa positivt for HIV/AIDS. Me kom (nesten!) til avtala tid, og vart viste inn i eit møterom der me skulle vente til kontaktpersonen vår, Niklas, skulle kome og gje oss ei orientering om institusjonen. Me sat der, ei gruppe på rundt 10 personar og venta i 15, kanskje 20 minutt. Som ansvarleg for opplegget, vart eg litt utolmodig, for me hadde fleire postar på programmet den dagen, og eg såg føre meg at det no ville sprekke. Og eg tenkte nokre irriterte tankar om afrikansk haldning til tid. Då Niklas endeleg kom, heldt han ei spennande og perspektivrik orientering om institusjonen sin ideologi og praksis. ”Vel verd å vente på”, tenkte eg då. I løpet av denne orienteringa forklarte han også grunnen til at han hadde kome litt seint. Han hadde akkurat fått ein telefon frå ein slekting/nabo til eit foreldrelauast, HIV-positivt barn på under to år som ingen hadde kapasitet til å ta seg av. Spørsmålet var om barneheimen kunne ta inn dette barnet. Niklas visste at kapasiteten ved institusjonen hans var sprengt. Innringaren og han prøvde i lag å finne alternative løysingar. Dette klarte dei ikkje, og det enda med at Niklas gav grønt lys til det vesle barnet, han tøygde strikken endå litt for å gje dette stakkars barnet ein livssjanse. Medan eg hadde irritert meg over den manglande respekten som han hadde vist mot sine gjestar, hadde altså Niklas strevd med å finne eit håp for eit hjelpelaust, lite barn. Eg måtte skamme meg, for eg hadde ingen innvendingar mot den tidsprioriteringa, tvert om, og eg håpar og trur at dei fleste ville prioritert på liknande vis – også i Noreg.

I mange samanhengar kan det vere irriterande og upraktisk å skulle fungere i eit samfunn der effektiv tidsbruk berre delvis har slått gjennom som ideal og organiseringsprinsipp. Blant ein del nordmenn i Kenya har det derfor utkrystallisert seg ein ("overlevings")strategi som går ut på at ein ikkje skal planleggje å få gjort meir enn ein ting pr. dag i det landet. Får du tid til meir, er det rein bonus. Men den kenyanske haldninga til tid er ikkje utan sjarm, og det ber i seg viktige verdiar for menneska. Fire veker er sjølvsagt kort tid til å få god innsikt i dette perspektivet, men ei viss uro for at den vestlege verda ikkje nødvendigvis har valt "den gode del" når det gjeld tidsbruk og tempo, kan det kanskje vekkle.

Mat

"Det er maten me lever av," heiter det, og Oshaug (1997 s. 251) hevdar dessutan at måten ulike samfunn er organiserte på, gjenspeglar m.a. korleis ressursgrunnlaget gjer det mogleg å skaffe nok mat til dei som bur der. Maten er derfor eit viktig tilknytingspunkt når me stiller spørsmålet "Kvífor er det slik akkurat her?" og er i tillegg ein svært viktig del av heilskapsopplevelinga under ein studietur til framande miljø.

Studieturen vert såleis ein balanse mellom det "å smake på sortane" og det å få i seg den næringa ein dagleg treng. For det er sannsynleg at berre dei færreste vil like alt dei får servert i løpet av ein slik tur, og enkelte vil kanskje få problem med kvar dag å finne nok som dei orkar å ete. Men for dei fleste vil det gå greitt, og i vårt tilfelle var det ikkje noko problem å kjøpe/frakte med seg nok flaskevatn og kjeks, potetgull eller anna næring til å dekkje dei biologiske behova. Stort sett er det også slik i Kenya at vertskapet aksepterer både at du et lite (sjølv om det er bra å kunne forklare det t.d. med mageproblem) og at det står att mat etter deg når måltidet er over.

Smaken og det estetiske ved maten har sjølvsagt mykje å seie for appetitten, og likevel er det sjansane for å få i seg mat/mikroorganismar som kan gje ubehag eller sjukdom som truleg er den største demparen på appetitten. Deltakarane våre hadde ein flittig bruk av våtserviettar og desinfiserande væske, tannstikker og sikkert vatn (les kokt eller kjøpt) til drikke og tannpuss. Den generelle parolen var å satse på godt kokt mat og å unngå direkte kontakt hand-munn. Dette var trygt, men kanskje litt defensivt. Derfor var det ein fordel å kjenne til ein del serveringsstader der me kunne ete både rå grønsaker og spennande, lokale rettar utan å vere redde for mageproblem. Heilt unngjekk me dei ikkje. Berre ein tredel av deltakarane slapp mageproblem fullstendig. Dei andre hadde sine vanskar i varierande grad, men ingen så

mykje at dei måtte stå over programmet fleire dagar i strekk. Men det skal seiast at det i enkelte tilfelle kravde stor viljestyrke å trasse mageproblema. Likevel vågar eg å seie at me ikkje hadde meir mageproblem enn me normalt måtte rekne med.

Trafikken

Eg tykkjer at trafikkbildet i Kenya er ei reise verd heilt åleine. Vegstandarden varierer frå flotte, breie asfaltvegar til strekningar med vaskebrett, store slaghol og område der bilistane vel å køyre på sida av vegen fordi det medfører mindre risting og tryggare ferdsel. Men det å unngå dei verste hola er ikkje alltid trygt. Det er ei kjend sak at ein i Aust-Afrika kører på den sida av vegen der vegdekket er best, og der kan det verte konkurranse om plassen. På grunn av den låge farta bilistane må halde, er det likevel ikkje slike stader dei fleste og største trafikkulukkene skjer. Dei skjer der vegane tillet høg fart og gjerne etter at det har vorte mørkt, for gatelys finst det relativt lite av. Med om lag 3 000 trafikkdrepne kvart år, er trafikkulukker den tredje største dødsårsaka i Kenya. Berre malaria og HIV/AIDS tek fleire liv og ulukkesfrekvensen ligg 30-40 gonger over høgt motoriserte land, skriv Peter Mwaura i den leiande avisa i Kenya, Daily Nation (17.03.04). Han hevdar også at kenyanarar gjennom åra har tileigna seg ei fatalistisk haldning til trafikkulukker og kallar dei "Guds handlingar", noko dei nye styresmaktene aktivt prøvar å endre.

Det er ikkje slik at vegane i og nær dei større byane systematisk er betre enn andre stader, men heller slik at vegane er best der dei er nye. Vedlikehald av vinar har låg prioritet, og det vert ofte hevda at pengar som skulle gå til slikt vedlikehald, ikkje vert brukt til føremålet m.a. i vekebladet "The East African" (6.-12. august 2001). Ein del bilar ber preg av manglande vedlikehald, sjølv om mange også er både nye og flotte. Køyrestilen er generelt nokså offensiv med mange dristige innhopp frå sidevegar, skifte av køyrefelt og forbikøyringar, men eg vil heller karakterisere trafikkulturen som uforsiktig enn aggressiv. I alle fall er det eit statistisk faktum at det skjer mange trafikkulukker i Kenya, og at det er grunn til å ta omsyn til dette når ein er på studietur i landet. Omsynet til tryggleik må ha høg prioritet, slik at dette er eit felt der gjestar ikkje utan vidare skal bøye seg under vertskapet sin kultur. Vår gruppe gjorde avtale med eit safari-selskap med godt omdømme til å ta seg av det aller meste av transporten vår. Dei hadde pålitelege sjåførar, etter omstenda godt materiell og ein leiar som var open for tilbakemeldingar om kvaliteten på dei tenestene selskapet hans leverte. Eg veit at me kunne finne billegare, meir "lokale" løysingar, men valde denne av omsyn til kvaliteten og tryggleiken. Prisen vart likevel svært låg samanlikna med norsk prisnivå.

Handel

Prisnivået i Kenya er generelt lågare enn det norske. Det finst absolutt dei som vil ta seg godt betalt for slikt som me har særleg behov for under ein slik studietur: mat, overnatting, transport. Men dersom ein tek seg tid til å undersøkje litt, er det ikkje vanskeleg å finne rimelege og gode alternativ. Arbeidskrafta er svært billegr, og dette kjem til syne i butikkar med mange hjelparar, parkeringsplassar, forretnings- og bustadområde med mange vakter, heimar med hushjelp osb. Dette stiller den kjøpsterke nordmannen overfor nokre uventa situasjonar, m.a. var det nokon av studentane våre som gav ein pakkegut i eit kjøpesenter tilsvarande ei halv dagløn i tips, medan eg sjeldan ser bufaste gje desse hjelparane tips i det heile.

Mange kenyanarar satsar på å livnære seg, eller i alle fall å skøyte på livsgrunnlaget sitt, gjennom småhandel, og den uformelle sektoren er stor. Me møter seljarar i små buer langs vegane, med varene sine utstilte på ei lita kasse på gata, eller til fots ved vegkryss, haldeplassar, fartsdumpar eller andre stader der biltrafikken må slakke ned farta. Dei kan selje alt mogleg; klede, teknisk utstyr, frukt, søtsaker, sigarettar, blomar, og svært ofte handarbeidde suvenirar. Dei kan gjerne drive oppsøkjande verksemrd, til dømes opplevde me det tidleg ein sundags morgen i Pokot, i Vest-Kenya. Me var ei gruppe som gjekk på ein times tur frå overnatningsstaden til fjelltoppen Kogh for å sjå på soloppgangen. På vegen ned støtte me på tre kvinner som hadde laga ei utstilling av varer som dei hadde laga sjølv og som dei no gjerne ville selje. Dei gjorde ikkje bomtur.

Dei mange tilboda om å kjøpe kan ein ikkje ha stort imot, og i sentrale strok med mange menneske er dei også relativt greie å handtere. Då er det ikkje vanskeleg å gå forbi eller å takke nei. Men ute på landsbygda kan dette vere vanskelegare, for der opplevast tilbodet om kjøp i større grad å vere kopla til ei forventing adressert til meg som enkeltmenneske. Me har invitert oss inn på deira område, og det er berre rimeleg at dei nyttar seg av sjansen til å omsetje ein del av produksjonen sin i den samanhengen. Og dette folket er så gjestfritt at det er freistande å ”leggje att litt pengar der”, for på den måten kan vår vitjing vere til glede og nytte for dei også materielt. Både eg og tilbydaren veit at eg har pengar og såleis har høve til å kjøpe og dette set naturleg nok sin spesielle farge på den opplevde forventinga. Reint prinsipielt er det å handle med dei nasjonale ein mykje betre måte å heve deira materielle kår på enn å gje dei gåver. Når det er snakk om å bytte pengar for varer, kan begge partar bevare/byggje opp sjølvrespekten og respekten for kvarandre som (med)menneske, det gjensidige

utbyttet vert tydeleg. Og når seljaren har laga varene sjølv, kan me vere trygge på at inntekta ikkje vert redusert av ulike mellomledd. Så argumenta for å kjøpe i slike situasjonar er mange.

Mange seljarar, særleg dei som er profesjonelle, kan vere ganske snare til å spele på vårt därlege samvit ved ikkje å kjøpe. Dersom dei forstår at me ikkje er interesserte i sjølve varene dei tilbyr, appellerer dei gjerne til vår medkjensle med oppmodingar som ”promote me with something small” eller ”hjelp meg med litt inntekt så eg kan få pengar til mat”. Det er ikkje lett å vite om, eller i kva grad dei snakkar sant. Tilbod om kjøp er greitt, men den forventinga til meg som enkeltperson som eg opplever, om å kjøpe, ikkje fordi eg ønskjer eller treng den konkrete vara, men meir for å hjelpe seljaren, har eg visse problem med å takle.

I Kenya prutar ein når ein handlar. Det kan vere ganske artig og utfordrande, men det tek både tid og krefter. Nokre stader, t.d. på supermarknaden og ein del andre butikkar, opererer ein rett nok med faste prisar, men elles er det vanleg å prute. Særleg langs gater og på marknader. Det startar gjerne med at seljaren nemner ein svært høg pris og det er ei kjent sak at dersom kjøparen er ein kvit, engelsktalande utlending, startar seljaren nokså mykje høgare enn dersom kjøparen er ein lokal, swahilitalande afrikanar, for ikkje å seie når kjøparen snakkar eit stammespråk. Den potensielle kjøparen seier kva han kan tenkje seg å gje for vara, og så er opplegget at ein skal finne fram til ein pris som begge kan akseptere. Ein treng på ingen måte møtast midt mellom dei ytterleggåande utgangspunkta. Til vanleg vil seljaren kome kjøparen lenger i møte enn omvendt, det er god seljarstrategi. Dersom ein ikkje kjem fram til semje, vert det ikkje noko av handelen. Så sant seljaren er viljug til å selje til den prisen som kjøparen har sagt, kan kjøparen ikkje så lett trekkje seg. Den som ikkje ønskjer å kjøpe, bør derfor ikkje tilby betaling i det heile, eventuelt setje prisen så lågt at handel er uaktuelt. Nokre tykkjer at det er utriveleg å prute og står fritt til å la vere. Ofte, men ikkje alltid, vil prisen likevel vere rimeleg etter norske forhold, sjølv om ein altså betalar meir enn ”nødvendig” utan pruting. Dessutan har eg høyrt det sagt, rett nok med eit visst glimt i auget, at den som ikkje prutar, står i fare for å øydeleggje dagen for seljaren. Han/ho vil nemleg ergre seg stort over ikkje å ha kravd eit høgare beløp i starten. Litt meir alvor vil eg leggje i det poenget at når ein ikkje prutar på marknaden, står ein i fare for å styrke afrikanaren i trua på at den kvite har meir pengar enn vit. Altså at det vil kunne forsterke litt av den tenkinga i klisjear som me lett vert offer for overfor kvarandre, afrikanarar og europearar, og som ein studietur nettopp burde bidra til å hindre. Erfaringa tilseier likevel at for dei fleste går det lett sport i prutinga, det vert på ein måte ein konkurranse mellom kjøpar og seljar. Kjøparen kan vere trygg på at seljaren

ikkje sel med tap, derfor kan ein gjerne stå litt hardt på. På den andre sida er det kanskje ikkje så stor skade skjedd om ein betalar nokre hundre shilling meir enn absolutt nødvendig for ein fin suvenir. Og på nytt kan det argumenterast for at det er betre å betale litt meir enn nødvendig enn å forhandle hardt og så kanskje skulle gje gåver etterpå. Sjølv om ein til vanleg ikkje gjev gåvene til dei same personane som ein forhandlar med, så ligg det likevel noko positivt i det å bringe pengar inn i det kenyanske samfunnet.

Det gjekk med mykje tid til handling undervegs på studieturen vår. I nokre samanhengar fungerte det som god avveksling frå lange køyreturar og eit fint alternativ til den tradisjonelle do-køa. Men det hende også at det skapte problem for framdrifta i programmet fordi eg ikkje hadde teke nok omsyn til handlelysta i planlegginga. Då eg planla reisa, la eg opp til at deltakarane kunne handle mot slutten. Dette kunne vere lurt av fleire grunnar; deltakarane hadde skaffa seg eit overblikk over kva som var tilgjengeleg, dei slapp å frakt /lagre varene i løpet av opphaldet i Kenya, og dei hadde god oversikt over eigen økonomi og kor mykje dei hadde råd til å kjøpe. Men det synte seg at appetitten på å kjøpe vakna raskt, og deltakarane ønskte å sikre seg suvenirar undervegs i opphaldet m.a. fordi dei ikkje kunne vere sikre på seinare å finne att akkurat det dei kom over undervegs. Dessutan vitja me t.d. marknaden i landsbyen Lomut (Pokot) for å sjå korleis det gjekk føre seg der, og då var det naturleg også å handle der. Slik vart det til at deltakarane sine lager av suvenirar auka jamt og trutt, men med store individuelle skilnader.

Gåver

I løpet av studieturen såg me mykje og møtte mange der behova for materiell hjelp kom tydeleg fram. Det var born med dårlege klede, folk som mangla mat, falleferdige hus, dårleg renovasjon og avløp. Mange, kanskje særleg born, var ute med handa og tigga. Men det hende også at me kom tett inn på folk som me forstod hadde behov, men som likevel ikkje bad om hjelp. Eit døme på dette var Nyumbani Children's Home i Nairobi, ein barneheim for foreldrelause HIV-/AIDS-positive born som ei gruppe av studentane vitja. Møtet med desse borna gjorde eit så sterkt inntrykk, at det vekte eit djupt ønske om å støtte institusjonen slik at dei kunne ta imot fleire born, for kapasiteten var sprengd.

Som leiar for gruppa vår vart eg fleire gonger beden om pengehjelp til skulegang, til arbeid i slummen, til eit prosjekt som skulle gje ein landsby trygt og reint vatn, til å hjelpe jenter som har rømt heimanfrå for å unngå omskjering og tvangsgiftarmål slik at dei kunne få pengar til

skule og internatophphald. Studentane opplevde eit liknande spørsmål då me fekk møte ei gruppe kvinner og nokre få menn som på sine gamle dagar hadde fått ansvaret for foreldrelause barnebarn, fordi foreldra er døde av HIV/AIDS. Dette var i byen Kitui eit par timars reise aust for Nairobi, der den katolske kyrkja driv eit hjelpeprosjekt. Spørsmålet som me fekk, var: ”Når de no har høyrt litt om korleis kvardagen vår er, kva kan de gjere for å hjelpe oss?” I det konkrete tilfellet kunne me svare at me vitja dei fordi Kirkens Nødhjelp støtta det prosjektet som dei fekk litt hjelpe av og at vår støtte eventuelt ville måtte gå gjennom denne organisasjonen. Standardsvaret elles var at me i løpet av turen møtte mange som hadde behov, og at me mot slutten av turen ville velje ut eit føremål som me ville støtte. For me visste, og me rekna med at dei forstod, at me ikkje kunne hjelpe alle. I dette svaret låg det sjølvsagt ei forplikting i det å konkret hjelpe nokon.

Den siste kvelden, då alle var samla til felles middag, tok me opp spørsmålet om kva føremål me skulle støtte. Det var semje om at me burde samle oss om eitt føremål, slik at det kunne vise litt att, og vere ei hjelpe som monna litt. Eit par prosjekt peika seg raskt ut, Nyumbani Children’s home og to jenter i Pokot som hadde rømt heimanfrå for å unngå omskjering og tvangsgiftarmål. Ved avstemming vart det sist nemnde føremålet valt, og det som kom inn ved innsamlinga, vart avrunda oppover til 50 000 Ksh, nok til å halde dei to jentene på skule i eit år.

Som ein del av si førebuing til studieturen, hadde to-tre av studentane samla saman ein del ting som dei ønskte å gje på nokre av dei skulane som dei skulle vitje i løpet av turen. Det var linjalar, pennar, fotballar, kalendrar og bøker med biletar frå Noreg og ein del andre småting som dei håpa kunne verte til glede og nytte for dei som fekk det. Det var litt problematisk undervegs å vite kva dei skulle gje til kven, fordi dei så gjerne ville gje til dei som hadde minst. Men dette kunne dei vanskeleg vite før mot slutten av turen, og då ville det vere for seint. Løysinga vart å gje litt undervegs, og å vurdere det i forhold til det dei hadde sett i Pumwanislummen i Nairobi som dei vitja ein av dei første dagane. Sidan denne slummen ligg i Nairobi, ville dei kunne organisere ei siste vitjing der ved slutten av studieturen. Fordelinga gjekk alt i alt greitt, og enda med at ein barnehage og ein skule i Pumwani fekk ein god del.

Som del av arbeidet med å hjelpe dei nasjonale i Pokot til å leggje til rette for å ta imot gjestar og tene pengar på det, har misjonærane arbeidd mykje med å hindre tigging. Når gjestane skal på tur opp i fjella, treng dei hjelpe til å bere bagasjen sin, og i slike situasjonar har berarane hatt

ein tendens til å be om pengehjelp m.a. til skulepengar. Mange gjestar har hatt problem med å takle dette. Dei nasjonale har derfor fått råd om heller å organisere prosjekt der t.d. den lokale kyrkjelyden samlar seg om eit overkomeleg prosjekt og ber om støtte til det. Slik kan gjestane vere meir frie i forhold til meir sporadisk tigging.

I utgangspunktet ønskjer me å hjelpe dei som treng det mest, men spørsmålet om korleis me skal vite kven som har størst behov for hjelp er stort og vanskeleg. Me kan ikkje sjå bort frå at det vert framført ein del skodespel for å appellere til omsorgskjensla vår. Det er heller ikkje godt å vite om den me gjev pengar eller ting til, får lov å behalde dette, eller om nokon annan gjer krav på det seinare. Denne uvissa vår kjenner kenyantarane godt til. Eg vart derfor oppsøkt av ei gruppe på fem menn, tre chiefar og to eldstebrør i den lokale kyrkjelyden i Chesta, og deira ærend var å be om hjelp til å leggje vassleidning til landsbyen, for dei var plaga av kolera. I same landsbyen fekk eg presentert hjelpeopplegget som den lokale kyrkja organiserte for dei to jentene som hadde rømt heimanfrå. Slike lokale initiativ opplever eg som truverdige. Eit anna alternativ er å gje hjelp til institusjonar med gode føremål og som har eit tillitvekkjande system for forvalting av pengar som dei får. Ved studieturen vår i 2001 gav deltakarane pengar til drifta av St. John Community Centre som arbeider i Pumwanislummen. Denne pengegåva vart sendt via Kirkens Nødhjelp som også støttar dette arbeidet. I tillegg til gode kontrollrutinar for ressursflaumen, har slike organisasjonar oftast god bakkekонтakt og med det følgjer kunnskap om korleis hjelperessursane kan nyttast mest mogleg effektivt i forhold til behovet.

No kan det opplevast litt ”teknisk” berre å gje pengar gjennom ein organisasjon. Den som gjev, vil gjerne møte dei som skal få støtta, både for å kjenne seg sikker på at hjelpa kjem heilt fram, men også for å sjå og oppleve at det ein gjev faktisk er til glede for mottakaren. Ei slik oppleveling kan vere avgjerande viktig for framtidig motivasjon til å hjelpe, og må ikkje avvisast som sjølvsentert føleri. På den andre sida kan slike ”overleveringar” nettopp understreke forskjellane mellom den nasjonale og gjesten på ein måte som kan undergrave vårt ideal om mest mogleg respekt, likeverd og gjensidig utbytte som berande haldning for studieturen vår.

Dokumentering

Det er ei viktig side ved ein studietur at han skal dokumenterast. På studieturen vår var me tre grupper: studentar og lærarar ved studia i kristendomskunnskap med religions- og

livssynskunnskap (KRL), musikk og samfunnsfag. KRL-studentane hadde spesiell interesse for misjon og religion og skulle m.a. samle stoff til skriftlege oppgåver om det.

Musikkstudentane skulle samle stoff om afrikansk musikk og kultur gjennom opptak av bilde, lyd og film. Samfunnsfagstudentane var delt i to grupper der den eine skulle gjennomføre eit prosjekt om HIV/AIDS og den andre m.a. om levekår og utdanning i utvalde lokalitetar i Kenya. Dei to prosjekta skulle munne ut i prosjektrapportar. Vår erfaring var at desse fokuseringsområda for dei ulike gruppene hadde ein positiv verknad på studentane si evne til å arbeide og samle informasjon under heile studieturen. På den andre sida kunne det nok hende at enkelte studentar etter kvart vart såpass sterkt fokusert på ”sitt” område, at dei miste litt interessa for/ evna til å samle inntrykk av andre sider ved natur og samfunn i dei områda dei vitja.

I tillegg til desse dokumentasjonsformene, hadde musikkgruppa også bestemt seg for å opprette ei heimeside på internett. Undervegs vart det lagt ut dagbokrapportar med enkelte biletar av det dei opplevde, slik at folk heime kunne følgje med. Det var eit svært arbeidskrevjande opplegg som ein av studentane og musikklæraren tok ansvar for. Ein god del personar i Noreg heldt seg kontinuerleg orienterte om reisa på denne måten. Etter heimkomsten vart det lagt ut lenker til denne dagboka på heimesida til høgskulen, og svært mange var innom og kika. Me trur at denne forma for rapportering var verdfull både medan reisa varte og etterpå, me hadde ein konkret plass å vise til når folk gjerne ville vite meir om kva me hadde opplevd. I tillegg tenkjer me oss å bruke denne rapporten som informasjons- og motivasjonsorgan med tanke på framtidige turar.

Eit viktig grunnlag for god dokumentasjon for oss alle, men kanskje særleg for musikkstudentane, var ivrig bruk av utstyr for foto-, video- og lydopptak. Me hadde ein tanke om at i den grad bruk av slikt utstyr måtte avgrensast, burde desse studentane prioriterast. Så fekk heller dei andre studentane kome med særlege ønske om kva som burde festast til film, band og brikke og eventuelt få kopi av det dei ønskte i etterkant. Informasjonen om denne ordninga kom ikkje særleg tydeleg fram frå starten, slik at det vart behov for å avklare denne ordninga undervegs.

Spørsmålet om kva haldning me skulle ha til det å fotografere og filme ”alt” me såg, var i denne samanhengen viktig. I deler av Kenya er det gammal tradisjon at det å ta biletar av nokon er ”å ta hjartet til personen” og mange afrikanarar er framleis tilbakehaldne når det

gjeld å verte fotograferte, særleg av framande (Bindloss m.fl. 2003 s. 62). Menneskeflokkar er kanskje dei som lettast vert aggressive når det vert teke bilete. Det er snakk om eit kulturelement som det er godt om gjestar tek tilbørleg omsyn til. Vidare er det offisiell kenyansk politikk at det ikkje er lov å fotografere offentlege bygg, men handhevinga av dette forbodet har ikkje vore særleg konsistent. Problemstillinga vart ekstra sterkt aktualisert i samband med opplevelingar under marknaden i Lomut. I utgangspunktet ønskte guidane at det ikkje skulle fotograferast. Dette vart presistert då me kom til marknaden, og ein av guidane skulle då også ha sagt til nokre at det kunne vere farleg å ta biletet fordi folk kunne verte sinte. Det viste seg at det var så mykje spennande å sjå på marknaden, at nokre av dei ivrigaste bestemte seg for å ta video/bilete likevel. Nokre av studentane opplevde det provoserande at dette vart gjort trass i den informasjonen som var gjeven. I drøftinga etterpå vart fotograferinga og filminga grunngjevne med at det me opplevde på marknaden var så spesielt at det ville vere viktig og spennande dokumentasjon for heile studentgruppa. Fotograferinga og filminga var såleis ikkje tenkt som ein "egotrip", men eit tiltak til beste for fellesskapet. Ein av dei som fotograferte opplevde at når han tilbaud pengar for å få fotografere, så var det i orden, det var berre eit spørsmål om å forhandle seg fram til ein pris. Og når viljen til å betale var signalisert, kom det straks fleire tilbod om å la seg fotografere. Han drog då den slutninga at det ikkje var eit viktig kulturelt spørsmål her, men eit spørsmål om sjansen til å tene litt pengar på dette. Han har vore i Sør-Amerika, og der opplevde han at det same spørsmålet var ei prinsipsak som ein ikkje kunne kome i møte gjennom betaling. Når kenyanarar godtek fotografering mot betaling, så er det i alle fall ikkje snakk om tigging, det er betaling for ei teneste. Og i den grad fotomotivet meiner eller trur at fotografen tenar pengar på biletet sine seinare, er det sånn sett ikkje urimeleg at motivet får sin del av inntekta. Og i situasjonar der ein klarer å opprette eit tillitsforhold til folk, vil dette med filming og fotografering til vanleg ordne seg greitt. Me har også erfaring for at det er ein ganske sikker suksess å ta biletet av nokon med digitalt kamera og så vise dei biletet på skjermen rett etterpå.

Det finst neppe noko fasitsvar på kva som er rett. Men det at folk er viljuge til å "selje" noko som dei har råderetten over, i dette tilfellet å vere fotomotiv, og som andre er viljuge til å betale for, treng ikkje å bety at ein slik handel er uproblematisk. I utgangspunktet vart det bede om 500 Kenyashilling, noko som i dette området tilsvarer frå tre til fem vanlege dagløner, og dette kunne tolkast som eit signal om kor stort brot med kulturen denne fotograferinga vart oppfatta å vere. På den andre sida kan det også vere rein marknadstenking, altså uttrykk for kva fotomotivet håpte at fotografen var viljug til å betale. Eg tok spørsmålet

opp med Peter Sikamoi, som er rekna for å vere ein av dei fremste kjennarane av Pokot-kulturen, og spurte han om det å betale for å verte fotografert kan skildrast som kulturell prostitusjon. Han forstod assosiasjonen, men meinte at det var å setje saka for mykje på spissen samtidig som han gav uttrykk for at dette er eit felt der rike gjestar bør vere tilbakehaldne. Eit anna moment som kan vere verd å vurdere, er spørsmålet om kva det å betale for å få ta bilete av nokon gjer med den nasjonale si haldning/oppfatning av den kvite mann. I seg sjølv vil det oftast ikkje vere noko problem for gjesten å betale tilsvarande 10-50 norske kroner for å sikre seg eit godt bilet, men det kan vere vanskeleg for den nasjonale å forstå prioriteringa når gjesten seinare kanskje avslår eller er tilbakehalden med å gje hjelp til skulepengar til nokon som treng det. Gjestar som ”strør” om seg med pengar, påverkar den nasjonale si oppfatning av den kvite mann som ein person med lommene fulle av pengar, og dette er sjølvsagt pengar dei gjerne vil ha ”sin” del av. Dette syner seg lett i bøn/spørsmål om pengehjelp, eller beint fram tigging. Det kan vere grunn til å spørje om kva dette gjer med deira sjølvoppfatning og sjølvrespekt. Her tenkjer eg sjølvsagt generelt. Det finst store individuelle skilnader og eg kjenner mange som aldri har bede meg om økonomisk hjelp. Likevel har eg møtt tigging svært mange stader, ja, i den grad at eg har undra meg over om tigging kan seiast å vere eit generelt kulturfenomen i deler av Kenya. Med den skilnad i materiell velstand som turdeltakarane og svært mange kenyanarar lever under, ligg det ikkje så godt til rette for å skape eit jambyrdig og gjensidig tillitsforhold mellom oss slik me prøvde å leggje opp til og som nemnt i starten av denne artikkelen bør vere eit ideal for oss i all tverrkulturell kontakt. Måten me brukar pengar på, påverkar dette forholdet og personleg er eg redd for at betaling for bilde kan fungere negativt i den samanhengen. Eg er open for at dette kan vere å dra moglege konsekvensar litt langt, og det er ein svært stor verdi å ha godt bilet- og filmmateriell som dokumentasjon av ein studietur. På den andre sida vil eg hevde at det finst minne, også fra ein studietur, som m.a. av respekt for andre berre skal festast til netthinna og i hjartet. Så får ein seinare prøve å formidle inntrykk gjennom ord og eigenprodusert lyd og bilet. Kva situasjonar dette vil gjelde for, finst det neppe noko eintydig svar på. Etter ein litt oppheta debatt om dette spørsmålet, der enkelte studentar gav uttrykk for at signala frå lærarane hadde vore både uklare og sprikande, var me medvitne om å spørje konkret om løyve til å fotografere og ta lydopptak der me kom, og formidle svara tydeleg til alle deltakarane. Etter den tid, opplevde eg ingen konfliktar på dette punktet.

Kyrkjevitjingar

Eg har ei fortid som lærar og rektor ved den norske skulen i Nairobi (2000-2002). Det er ein norsk grunnskule der undervisinga går føre seg på norsk. Skulen er eigd og driven av Norsk Luthersk Misjonssamband. Dei fleste elevane høyrer til norske misjonærfamiliar som arbeider i Kenya eller Tanzania, og eg var tilsett ved skulen på misjonærvilkår. Dette har gjeve meg eit visst kontaktnett i dei to landa; misjonærane kan vere dørropnarar for meg og mine studentar til område og samanhengar som ein vanleg turist ikkje så lett får oppleve. Gjennom desse kontaktane mine får eg mange tips til innhald til studieturen og dei kan også hjelpe meg til å oppnå gode tilbod på transport, overnatting o.l. Etter kvart aukar mitt eige kontaktnett direkte med institusjonar og personar i desse landa, men det er klart at opplegget for studieturen vår bar sterkt preg av dei kontaktane eg har gjennom misjonsarbeidet. For KRL-studentane var dette truleg ein fordel, for dei fekk mange høve til å møte misjonærar i feltet og dei fekk oppleve kyrkjelivet rundt om i Kenya. Musikkstudentane, som m.a. skulle studere musikken i kyrkjene, fekk også ganske mange kontaktpunkt på grasrota. Når det gjeld det samfunnsfaglege perspektivet, er det mi oppfatning at tru og religion er så viktig for kenyanaren og så innvove i kvardagen, at det ikkje let seg gjere å forstå det kenyanske samfunnet om ein ser bort frå religionen. Eg meiner derfor at opplegget vårt, som innebar fleire kyrkjevitjingar, også stod på trygg samfunnsfagleg grunn.

Men vår motivasjon og våre perspektiv vart ikkje utan vidare oppfatta av dei kyrkjelydane me vitja. Me tok aktivt del i enkelte av gudstenestene med song og helsingar, og dette vart godt motteke. Ein av talarane brukte ein god del av preika si på å takke for at me kom og understreka verdien av at kristne frå ulike deler av verda kunne møtast som søsken allereie her på jorda slik dei også skal møtast i himmelen. Begeistringa over vår deltaking var så stor, at eg måtte undrast på om me her var i ferd med å gå over ei grense på den måten at me med å vere der og ta såpass aktivt del, vekte forventingar om framtidig kontakt som me ikkje var innstilte på eller i stand til å leve opp til. Eit anna moment var at dei nasjonale syntest å ta det som sikkert og snakka til oss som om alle i vår gruppe var brennande kristne, noko som ikkje utan vidare var tilfelle. Det har ofte vore fortalt dei lokale kyrkjeleiarane at ikkje alle nordmenn vil kalle seg kristne, heller ikkje dei som kjem ut på landsbygda i Kenya. Men denne informasjonen har problem med å slå gjennom til erkjenning. I ein diskusjon i etterkant, svara likevel studentane på direkte spørsmål frå meg at dei ikkje hadde opplevd det ukomfortabelt den måten dei hadde vorte oppfatta på og inkludert i det kyrkjelege fellesskapet under gudstenesta.

Etter kvart vart det likevel slik at enkelte studentar tykte at det vart mange nok kyrkjevitjingar, og meinte at gudstenestene som stod på programmet dei to siste sundagane måtte vere friviljuge. Poenget deira var at dei hadde sett kenyanske gudstenester både i byen (Nairobi) og på landsbygda (Sagat i Pokot) og hadde såleis hatt høve til å samanlikne by og land. Dei kunne derfor ikkje sjå nokon stor gevinst i å oppleve ei gudsteneste også ved kysten (Msambweni ved Mombasa) sjølv om me der var i eit område der dei kristne er i klart mindretal i forhold til muslimane. Mellom linjene kunne nok lesast at somme studentar hadde mistanke om at det var meir misjonæren i meg enn samfunnsgeografen som gjerne ville ha dei til kyrkje. Etter ein open diskusjon med samfunnsfagstudentane om dette spørsmålet, vart deltaking ved gudstenesta den siste sundagen gjort friviljug, slik også tilfellet var sundagen før.

Det sosiale

At det sosiale fungerer positivt har mykje å seie for heilskapen i ein studietur. Mitt inntrykk var at alle deltarane trivdest. ”Hadde det heilt topp sosialt”, skriv ein student, ”Svært bra sosialt fellesskap” skriv ein annan. Dei skriftlege evalueringane frå deltarane teiknar ein klar tendens i retning av at dei var godt nøgde med det sosiale fellesskapet innanfor eiga faggruppe. Men den sosiale kontakta mellom faggruppene opplevdest mindre positivt slik det går fram av tabell 4. Så er det også innanfor det sosiale feltet at evalueringa tilbyr flest tips til kva me kunne ha gjort betre. Det som går att er idear om opplegg til at deltarane kunne verte kjende med kvarandre før reisa, t.d.: ”Kanskje hatt en samling eller flere i forkant av turen, der det eneste formålet var å bli kjent med hverandre? Bli-kjent-leker fungerer faktisk!” og ”Kanskje eit sosialt samarbeidsprosjekt i forkant av turen”. Men det kom også nokre råd om gjennomføringa: ”... [kunne ha] miksa litt på grupperingane under opphaldet, t.d. i bilane, ved maten o.l.”, ”... [kunne ha] gruppeoppgåve på tvers av faggruppene?” Her har me altså eit tydelege potensial for å gjere det betre, sjølv om somt ikkje let seg gjere så mykje med. Ein av deltarane skriv t.d. ”Interessene vil vel alltid sprike og aldersforskjeller gjør vel også sitt”. Så kan kontakta på tvers av faggruppene også ha noko med utgangspunktet og den sosiale kapasiteten å gjere, slik følgjande sitat kan tyde på: ”Dessutan hadde eg vore meir saman med dei [andre] dersom eg kjende samfunnsfaggjengen frå før. Eg hadde nesten nok med å bli kjent med dei, eg visste knapt kva dei heitte før vi for. No har eg fått venner for livet.” Nye venner for livet, det er ein god gevinst, også av ein studietur.

	1. Svært lite nøgd	2	3	4	5	6. Svært godt nøgd	Ikkje svar
Innanfor eiga faggruppe				5 %	24 %	62 %	5 %
Mellom faggruppene	5 %	19 %	43 %	29 %		5 %	

Tabell 4. Kor nøgde er deltakarane med det sosiale fellesskapet under studieturen?
Svarfordeling i prosent på ein skala frå 1 til 6 der 1 tyder "Langt frå bra nok" og 6 tyder "Kunne ikkje ha vore betre".

Heilskapsinntrykket

Det heiter at ein kan tape mange slag og likevel vinne krigen. På likande vis kan ein ha fleire middelmåtige programinnsLAG på ein studietur og likevel sitje att med eit godt heilskapsinntrykk. No er tilbakemeldingane på programinnsLAGA stort sett positive slik det går fram av tabell 2 og kommentarane til han. Dessutan inneholder ein studietur så mykje meir enn det planlagde (og gjennomførte) programmet. Det sosiale, det som skjer impulsivt, det å vere i eit framandt miljø, alt dette og meir til er med på å skape det heilskaplege inntrykket som ein sit med etterpå. Dette er mykje farga av forventingane ein hadde på førehand og er truleg like mykje bygt på det intuitive inntrykket som grundig refleksjon. Ein indikator på heilskapsinntrykket kan vere om deltakarane vil råde andre til å vere med på ein liknande studietur ved eit seinare høve. Det spørsmålet vart stilt i den skriftlege evalueringa og tabell 5 formidlar eit svært positivt bilet i så måte.

Svaralternativ	Nei, absolutt ikkje	Neppe	Kanskje	Ganske sikkert	Ja, absolutt
Svarfrekvens				5 %	95 %

Tabell 5. Deltakarane sine svar, vist i prosent, på om dei vil råde andre til å vere med på ein liknande studietur ved eit seinare høve.

Deltakarane vart bedne om å fortelje kva som kunne tale for å fråråde andre å vere med på ein slik studietur. Det var seks svar på dette, og eg tek med tre her: "Problemer med språk", "Det reint etiske ved å svi av såpass mange tusen kroner på seg sjølv..." og "Viss dei tenker på det som ferie, så bør dei ikkje reise..."

Det kom mange fleire svar på kva dei viktigaste grunnane for å tilrå andre til å vere med på ein slik studietur. Dei varierer frå det ganske nøkterne ”Nyttig erfaring” til det ganske entusiastiske ”En unik opplevelse!!” og ”Kjempebra opplegg”. Fleire legg vekt på læringsinnhaldet kopla til erfaringane og opplevingane dei har fått, t.d. ”Ein får lære så utrøleg mykje om kultur, religion, styresett, urettferdigheita i verda. Har begynt å tenke meir igjennom fattigdom og forskjellane på verdiar i livet.” og ”Erfaringsdimensjon i tillegg til den teoretiske kunnskap. Utvide horisont, møte nye utfordringer i møte med fremmede kulturer, mennesker, land” og ”Det er ei oppleveling som er umogleg å kunne forklare med ord. (...) Du må vere der for å forstå at det går an å vere så glad og likevel ikkje ha den velstanden vi har i Norge”.

Avsluttande kommentar

Intensjonen med studieturen var å ha vekta mot aksen ”oppleveling – læring”, men slik at også avkopling var inne med ei viss vekt. Eg tykkjer at ein kommentar frå ein av studentane summerer dette opp på ein god måte. Det er svaret frå vedkomande på kva dei viktigaste grunnane til å tilrå andre til å vere med på ein slik studietur ville vere: ”Fordi eg sjølv sit att med kjensla av at eg ikkje ville gått glipp av dette for alt i verda. Sjølv om det går litt pengar er det ein unik sjanse til å oppleve mykje som villa vore vanskeleg å få til på eiga hand. Opplegget var lagt opp omtrent frå a til å, og nesten kvar dag tenkte ein at i dag har eg fått ei oppleveling for livet, og at morgondagen umuleg kunne måle seg med dette. Men så fekk ein stadig heilt nye opplevingar som ikkje kunne samanliknast med kvarandre, men som alle satt igjen som noko stort. Det er ein unik moglegheit til å kome nært inn på ein kultur som er heilt forskjellig frå vår eigen, og vi fekk opplevingar ein heilt vanleg turist kanskje ikkje får!”

Me har lært mykje om korleis det er i eit anna land, også ein del om kvifor det er slik akkurat der. Men me har også lært ein god del om oss sjølve og vårt heimemiljø. Me har sett andre forhold der mykje av det som me ”alltid” har teke for å vere sjølvsagt, slett ikkje er sjølvsagt. Me har sett vårt eige samfunn i forhold til dette. Ofte har det gått opp for oss kor godt me har det. Men me kan også forstå at andre har store verdiar som me manglar. Når dette fungerer godt, føder det ein god kombinasjon av takksemd, audmjukskap og toleranse.

Referansar

- Bindloss, J, Parkinson, T & Fletcher, M (2003): *Kenya*, Lonely Planet Publications, Melbourne-Oakland-London-Paris
- Bø, I og Helle, L (2002): *Pedagogisk ordbok*, Universitetsforlaget, Oslo
- Daily Nation <http://www.nationaudio.com>
- Det kongelige kirke-, utdannings- og forskningsdepartement (1996): *Læreplanverket for den 10-årige skolen*
- Dysthe, O (1999): "Læring gjennom dialog" – kva inneber det i høgare utdanning?" i Dysthe, O (red.) *Ulike perspektiv på læring og læringsforskning*, Cappelen Akademisk Forlag, Oslo
- Fløistad, Guttorm (1996): *Om å kunne mer enn man kan. Verdiformidling, kunnskapskrav og ledelse i skolen*, Høyskoleforlaget, Kristiansand
- Hesselberg, J (1998): "Underutvikling, utvikling og utviklingsgeografi – en innledning" i Hesselberg, J (red.) *Utviklingsgeografi*, Tano Aschehoug, Oslo
- Holt-Jensen, A (1990): *Geografiens innhold og metoder*, Universitetsforlaget, Oslo
- Illeris, K (2001): "Læring og lærerroller" i Bergem, T (red.) *Slipp elevene løs! Artikler med lys på lærerrollen*, Gyldendal Norsk Forlag, Oslo
- Imsen, G (2000): *Elevens verden*, Tano Aschehoug, Oslo
- Imsen, G (2002): *Lærerens verden. Innføring i generell didaktikk*, Universitetsforlaget, Oslo
- Inglar, T (1997): *Lærer og veileder. Om pedagogiske retninger, veiledningsstrategier og veiledningsteknikker*, Universitetsforlaget, Oslo
- Moxnes, P (1981): *Læring og ressursutvikling i arbeidsmiljøet*, Institutt for sosialvitenskap, Oslo
- Oshaug, A (1997): "Ernæringssituasjonen" i Stenseth, N.C, Paulsen, K, Karlsen, R: *AFRIKA – natur, samfunn og bistand*, Ad Notam Gyldendal, Oslo
- The East African*, published weekly by the Nation group
- Tiller, T (1999): *Aksjonslæring. Forskende partnerskap i skolen*, Høyskoleforlaget, Kristiansand
- Tollefsen, T, Syse, H og Nicolaisen, R.F. (2002): *Tenkere og ideer*, Gyldendal Akademisk, Oslo
- UNDP (2003): Norsk sammendrag av *Human Development Report 2003*: "Tusenårmålene: En pakt mellom nasjoner – for å utrydde fattigdom"
- Vik, N (red.) (2002): *Samfunn i Afrika. Skule og utdanning – miljø og utvikling*, Høgskulen i Volda, ALU - Samfunnsfag
- Villumstad, S (1997): "Hovedtrekkene i bistanden" i Stenseth, N.C, Paulsen, K, Karlsen, R *AFRIKA – natur, samfunn og bistand*, Ad Notam Gyldendal, Oslo

Vedlegg 1:

SPØRJESKJEMA VED EVALUERINGA AV STUDIETUREN

Alle deltagarane vart inviterte til å svare på følgjande spørsmål etter at dei var heimkomne frå studieturen. Spørjeundersøkinga vart gjennomført på Classfronter.

Student ved følgjande studium / Lærar

- Krl Musikk Samfunnsfag Lærar

Førebuinga

Korleis er du nøgd med opplegget for den praktiske førebuinga til turen? Marker frå 1 til 6. 1 tyder: Svært lite nøgd, 6 tyder: Svært godt nøgd.

Korleis er du nøgd med opplegget for den faglege førebuinga til turen? Marker frå 1 til 6. 1 tyder: Svært lite nøgd, 6 tyder: Svært godt nøgd.

Har du forslag til korleis førebuinga kunne ha vore betre? (gjeld både praktisk og fagleg førebuing).

Programmet

Korleis er du nøgd med programmet samla sett? Marker eit av tala frå 1 til 6; 1 tyder at du er svært **misnøgd** med programmet og 6 at du er svært **nøgd** med programmet.

Kva postar på programmet hadde du størst utbytte av?

Kva postar på programmet hadde du så lite utbytte av at det like godt kunne ha vore kutta ut?

Korleis vurderer du forholdet mellom felles program og særprogram. Marker eitt av alternativa.

1. Altfor mykje særprogram 2. Litt for mykje særprogram 3. God balanse
 4. Litt for mykje fellesprogram 5. Altfor mykje fellesprogram

Korleis vurderer du forholdet mellom obligatoriske og friviljuge programpostar?

1. Altfor mykje obligatorisk program 2. Litt for mykje obligatorisk program 3. Passeleg balanse
 4. Litt for mykje friviljug program 5. Altfor mykje friviljug
 program

Kva meiner du om lengda (tid) på studieturen?

1. Altfor kort tid 2. Litt for kort tid 3. Passeleg lengde 4. Litt for lang
 tid 5. Altfor lang tid

Kva meiner du om balansen mellom studentar og lærarar når det gjeld planlegging og gjennomføring av studieturen?

1. Altfor stor lærardominans 2. Litt for stor lærardominans 3. Passeleg
 balanse 4. Litt for mykje lagt på studentane 5. Altfor mykje lagt på studentane

Kva endringar vil du foreslå til programopplegget?

Det engelske språket

Kva rolle spelte det for utbyttet ditt av studieturen at mykje gjekk føre seg på engelsk / afrikansk engelsk? Marker eitt av tala frå 1 til 6; 1 tyder at du hadde svært store problem med det engelske språket, 6 tyder at du ikkje hadde problem med språket i det heile.

Har du forslag til kva me kunne gjere for at språket skulle verte eit mindre hinder for utbyttet av studieturen?

Det sosiale

Korleis vurderer du det sosiale fellesskapet på turen mellom dykk som studerer same fag? Marker frå 1 til 6. 1 tyder: Langt frå godt nok, 6 tyder: Kunne ikkje ha vore betre.

Korleis vurderer du det sosiale fellesskapet på tvers av faggruppene? Marker frå 1 til 6. 1 tyder: Langt frå bra nok, 6 tyder: Kunne ikkje ha vore betre.

Har du forslag til korleis me kunne få det sosiale på studieturen til å fungere endå betre?

Det økonomiske

Flyturen Oslo - Nairobi - Oslo, overnatting, mat og reiser i Kenya kom på om lag 10 000 norske kroner når me har trekt ifrå det Statens Lånekasse gav i stipend. Kor mykje pengar brukte du i tillegg til dette frå du reiste frå Oslo til du var attende i Oslo? (Du kan godt avrunde svaret ditt til nærmeste 500 kroner.)

Tilrådingar

Vil du råde andre til å vere med på ein liknande studietur ved eit seinare høve? Marker eitt av alternativa.

1. Nei, absolutt ikkje 2. Neppe 3. Kanskje 4. Ganske sikkert 5. Ja,
 absolutt

Kva er dei viktigaste grunnane til at du eventuelt vil **fråråde** andre til å vere med på ei liknande studiereise ved eit seinare høve?

Kva er dei viktigaste grunnane til at du eventuelt vil **tilråde** andre til å vere med på ei liknande studiereise ved eit seinare høve?

Frie kommentarar

Dersom du har noko anna å kommentere om studituren, er det fint om du skriv det her.

Skulevitjingar – ein ressurs for framtidig læringsarbeid

Av Odd Ragnar Hunnes

"Me lærer mykje om oss sjølve ved å sjå på korleis dei har det og samanliknar det med våre forhold heime. [...] Dette vil vere ein ressurs for meg når eg sjølv skal vere lærar," sa ein lærarstudent. Ho var beden om å summere erfaringane sine etter skulevitjingane som ho var med på under ein studietur til Kenya som ei studentgruppe frå Høgskulen i Volda gjennomførte i februar 2004. Denne artikkelen legg hovudvekta på erfaringar både når det gjeld praktisk gjennomføring og det faglege innhaldet i desse skulevitjingane. I tillegg er det gjort forsøk på enkelte generaliserande refleksjonar innimellom².

Bygt på tidlegare erfaringar

Ei gruppe samfunnsfag- og KRL-studentar frå Høgskulen i Volda gjennomførte i november-desember 2001 ein studietur til Kenya. Ein viktig del av denne turen var vitjing av to grunnskular og to vidaregåande skular som alle låg i Nairobi. Heile gruppa på om lag 15 studentar og lærarar vitja skulane samla og på kort tid, i alt fire vitjingar på to dagar. Dette hadde sjølv sagt den fordelen at me nådde over mange skular. Me fekk kome innom mange skuleområde og mange klassar og helse på og skaffe oss eit oversiktsbilete av korleis dei hadde det. Me fekk også ein del av elevane i tale ved at me fekk fortelje om Noreg og spørje dei litt ut om korleis dei opplevde det å vere elevar på sin skule. Sidan dette var i siste halvdel av november, var somme av skulane i ferd med å avslutte skuleåret med ulike typar prøver, slik at det var ganske avgrensa kor mykje kontakt me fekk med elevane. Desse vitjingane var førebudde ved at eg, som den gongen budde i Nairobi, hadde skrive brev til rektorane der eg presiserte kva me gjerne ville ha ut av vitjinga. Så hadde eg oppsøkt kvar skule minst ein gong på førehand saman med ein lokal kontaktperson.

Dette var såpass vellukka at me var sikre på at me ville leggje inn skulevitjingar i programmet også under studieturen vår i 2004. Då ville me byggje vidare på dei erfaringane som me gjorde i 2001 og vidareutvikle opplegget vårt. På same måte som for studietur generelt, støttar eg meg her til konseptet om erfaringslæring³. Tanken er altså at me i opplegget for studieturen i 2004 støtta oss til erfaringane frå 2001 og at denne rapporten som gjeld 2004 skal gå inn som eit prosesskriv med tanke på planlegging og gjennomføring av skulevitjingar ved

² I tillegg til denne artikkelen er skulevitjingane dokumenterte gjennom ein videofilm som er laga av kollega Bjørn Gunnar Tafjord. Denne filmen går inn som del av den samla rapporten *Studietur til Kenya 2004 – lærarane rapporterer*.

³ Eg har gjort greie for erfaringslæring i artikkelen *Bok er bra - studietur best*, som også finst i denne rapporten.

framtidige studieturar. Derfor vil eg i løpet av artikkelen peike på enkelte område som det kan vere aktuelt å sjå nærmere på ved seinare høve.

Framgangsmåten frå sist med å bruke tid på å etablere eit tillitsforhold med skuleleiinga på førehand, ville me gjenta. Så ville me bruke meir tid og vere færre nordmenn på kvar skule enn sist. Derfor tok me ikkje sikte på å nå over meir enn ein skule pr. dag pr. gruppe. Vidare ønskte me å vitje skular både i Nairobi og ute på landsbygda slik at me kunne lære ein del gjennom samanlikning. Me ville gjerne følgje opp dei gode erfaringane med å etablere god dialog med dei afrikanske elevane under vitjingane og då hadde me sett behovet for å vere betre førebudde enn i 2001 på å presentere Noreg for dei klassane som me skulle vitje. For i 2001 vart dette beint fram teke på sparket. Dessutan innarbeidde me i 2004 skulevitjingane som ein viktig del av informasjonsgrunnlaget for dei prosjektoppgåvane som studentane i samfunnsfag skulle gjennomføre i løpet av semesteret. Ei viktig betring i forhold til sist oppnådde me ved at studieturen vart lagt til februar månad då alle skulane er i full drift etter ferien.

Val av skular

Valet av skular gav seg langt på veg sjølv. Me vitja to skular i Nairobi – Nairobi Primary School og Milimani Secondary School – typiske sentrumsskular som me også vitja i 2001. Me har brukt Regina Oloo, som er lærar ved Milimani, som kontaktperson både for eigen skule og andre i Nairobi. Derfor var hennar skule eit naturleg val. Nær ved ligg Nairobi Primary School som truleg er ein av dei best utstyrte offentlege grunnskulane i byen, og det var eit poeng for oss at me ikkje systematisk skulle vere ute etter døme på därleg standard under studieturen. Dessutan hadde me sist opparbeidd eit tillitsfullt og på mange måtar jambyrdig forhold til skuleleiinga, og særleg rektor, ved denne skulen og dette fann me god grunn til å følgje opp.

Utanom Nairobi var det naturleg å leggje opp til vitjing av Chesta Primary Scool og Chesta Secondary Girls' School i Pokot, fordi desse skulane låg nær ein av dei stadane der me skulle overnatte to netter medan me var ute på landsbygda i den vestre delen av landet. Valet av det tredje paret av skular gav seg også langt på veg sjølv. I 1983 vitja kollega Norlef Vik og Rolf Kleiveland to skular i høglandet mellom Thika og Nyeri 2-3 timars køyring nord for Nairobi. Dei laga den gongen ein rapport frå vitjinga av skulane Gathaithi Lower School og Kahatia

Secondary School (Vik og Kleiveland 1985), og me tykte at det kunne vere interessant å vitje dei same skulane vel 20 år seinare.

Førebungsarbeidet

Me hadde god erfaring med kombinasjonen av å sende brev og personleg møte med skuleleiinga som førebuing av kvar skulevitjing. Brevskriving vart denne gongen berre gjennomført i Nairobi pga manglande tillit til postverket sine tenester utanfor byen. Derfor vart den viktigaste førebuinga at eg oppsøkte rektor ved kvar skule for å spørje om dei ville ta imot oss og ved eventuelt positivt svar, å drøfte opplegget. Alle ville svært gjerne ta imot oss og me vart ganske raskt samde om opplegget. I Chesta møtte eg skuleleiinga berre eit par dagar før den planlagde vitjinga fordi det praktisk tala var uråd å gjere det før. Dei to skulane i høglandet nord for Nairobi var eg innom eit par veker før vitjinga skulle finne stad. Då oppdaga eg at rektor ved begge skulane hadde mobiltelefon slik at me kunne kommunisere om nødvendige detaljar seinare. Trass i det kontaktarbeidet som vart gjort, var det alltid spennande å kome til skulen og sjå korleis vitjinga vår var førebudd m.a. kva forventingar som var skapte. Alle tok vel imot oss, og ved Milimani Secondary School trudde ”alle” at alle klassane på skulen skulle få vitjing av nordmennene. Dette vart litt vanskeleg fordi me akkurat på denne skulen var så få gjestar, at det var uråd på skikkeleg vis å nå over alle klassane innanfor den tida som stod til rådvelde. Dette vart løyst gjennom eit kompromiss slik at ein klasse fekk normalopplegget med ein grundig presentasjon av Noreg pluss gjennomføring av ei spørjeundersøking som me hadde førebudd, og så vart det ein rask runde for å helse på dei andre klassane.

Dette kompromisset der me på den eine sida fekk gjennomføre spørjeundersøkinga vår og dei på den andre sida fekk vitjing i alle klassar slik dei ønskte, kan tene som illustrasjon på at me prøvde å handle i samsvar med dei grunnleggjande verdiane som heile studieturen skulle vere tufta på: respekt, likeverd og gjensidig utbytte³. Det skulle ikkje vere slik at det berre var me som hadde utbytte av møtet mellom dei og oss. Dei elevane og skulane som me vitja, skulle også ha mest mogleg glede og nytte av at me kom. Me hadde derfor med oss bilet og kart som kunne hjelpe oss til å gje elevane god kunnskap om landet vårt. Nokre av studentane hadde øvd inn eit par norske songar fleirstemt og desse vart framførte på enkelte skular. Undervegs fekk eg den tilbakemeldinga frå studentar at dei opplevde at dei ikkje berre var mottakarar, men også ytte ein god del under desse skulevitjingane. I somme tilfelle opplevde

³ Sjå delen om ”Viktige verdiar” i artikkelen *Bok er bra – studietur best*, som også finst i denne rapporten.

dei at dei ytte meir enn dei fekk. At også vertskapet opplevde det positivt å ha oss på vitjing, kan illustrerast ved ei lita hending ved Gathaithi Lower School. Me var ikkje mange nok gjestar til at alle klassane kunne få lang vitjing av oss. Rektor plukka derfor ut dei heldige, og det var 8., 7. og 5. klasse. 6. klasse skulle ikkje få vitjing og det grunngav han med at elevane der ikkje hadde arbeidd så godt som dei burde i det siste.

Studentane i samfunnsfag laga på førehand eit spørjeskjema⁴ med spørsmål som me ønskte å bruke i eit utval av klassane. Dei bygde på eit skjema som Vik og Kleiveland brukte på sin studietur i 1983. Den eine studentgruppa byggjer mykje av sin prosjektrapport frå studieturen på informasjon som dei fekk inn gjennom spørjeundersøkinga. Den første gongen eg kom til kvar av skulane, presenterte eg dette spørjeskjemaet for rektorane og bad om deira reaksjon på det. Eg spurte om dei trudde elevane ville vere i stand til å svare på spørsmåla, om det var spørsmål dei mente ikkje burde stillast, og om dei hadde forslag til fleire spørsmål. Alle godtok spørjeskjemaet og mente at det kunne brukast.

På bakgrunn av drøftingane med rektorane, vart følgjande generelle plan for vitjingane utarbeidd:

1. Me helsar på rektor og lærarane.
2. Oppstilling saman med alle elevane på oppstillingsplassen:
 - elevane syng
 - rektor introduserer gjestane
 - gjestane presenterer seg
3. Gjestane grupperer seg og går til kvar sine klassar:
 - gjestane presenterer Noreg
 - spørsmål og svar mellom gjestar og elevar (gjerne begge vegar), anten i samla klasse eller i mindre grupper
 - læraren gjennomfører ”normal” undervising medan gjestane observerer
 - i utplukka klassar gjennomfører samfunnsfagstudentar undersøking ved bruk av spørjeskjema
4. Generell tur på skuleområdet.

⁴ Du kan lese meir om spørjeskjemaet og det studentane fann ut gjennom undersøkinga i artikkelen ”Økonomi og levekår for elever ved utvalgte skoler i Kenya” som finst i rapporten *Norske studentar i møte med det kenyanske samfunnet – Rapportar frå ein studietur til Kenya februar 2004*.

5. Lunsj med høve til drøfting med lærarane. Her er det høve for gjestane å fokusere spesielt på sine fag om dei skulle ønskje det.
6. Dersom det er tid til det etter lunsj, kan det vere høve til vidare observasjon, gjerne i ein annan klasse enn sist.
7. Ved slutten av vitjinga kan det vere ny oppstilling med takk for oss.

I praksis varierte rekkjefølgja av dei ulike postane, og berre punkt 3 vart gjennomført på alle skulane. Av studentane var det dei i samfunnsfaggruppa som var budde på å gjennomføre skulevitjingar sidan dei skulle bruke informasjon derifrå til prosjektoppgåvane sine.

Skulevitjingane kom litt brått på dei to andre gruppene. Etter heimkoma vart alle deltakarane inviterte til å vere med på ei skriftleg evaluering av studieturen⁵. Eit av spørsmåla lydde: ”Kva postar på programmet hadde du så lite utbytte av at det like godt kunne ha vore kutta ut?” Ein av studentane svara ”skulebesøk der me ikkje hadde førebudd oss”. Det var også enkelte av studentane som oppfatta det slik at dei skulle vere med på skulevitjingane for å hjelpe samfunnsfagstudentane med å samle informasjon til sistnemnde sine prosjektoppgåver. Det var dei ikkje utan vidare motiverte til. Dette var misforstått og ordna seg etter kvart. Med unntak av skulevitjingane i Nairobi der musikkstudentane ikkje var med fordi dei trengde tida til eigne oppgåver, stilte studentane opp. I samtalar etterpå var det fleire positive kommentarar om skulevitjingane frå dei andre gruppene, men ingen andre studentar enn dei frå samfunnsfag nemnde skulevitjingar blant programpostar som dei hadde hatt størst utbytte av under studieturen i den skriftlege evalueringa. Det er også interessant å merkje seg at fem av sju samfunnsfagstudentar nemnde nettopp skulevitjingane blant desse mest utbytterike programpostane. Dette illustrerer m.a. kor ekstra viktig det er å motivere alle for deltaking i slike opplegg der dei ikkje berre skal lytte og ta imot, men også yte. I den grad deltakarane også kan setje skulevitjinga inn i ein større samanheng, t.d. bruke henne som informasjonsgrunnlag for eit prosjektarbeid, kan vår erfaring tyde på at også det påverkar utbyttet i positiv lei.

Gjennomføringa

Sjølv om me i utgangspunktet hadde den same planen for vitjingane, vart gjennomføringa nokså variert. Det hang sjølvsagt saman med at me delte oss inn i grupper på 2-6 personar og desse gruppene hadde sine særdrag. Og så var klassane og lærarane deira ganske ulike, slik at

⁵ For meir detaljar om denne evalueringa, sjå artikkelen *Bok er bra – studietur best*.

den dynamikken og kommunikasjonen som oppstod, varierte ganske mykje, og derfor var det kvar gong spennande å vitje ein skule.

Eit viktig innslag var at me presenterte Noreg for klassen. Me brukte kalender med fargebilete og atlas med kart for å illustrere det me snakka om. Sentrale moment i presentasjonen kunne vere landskapet med vekt på kombinasjonen av hav og fjell, dei fire årstidene m.a. med midnattssol og mørketid, styreforma med monarki, den vanlege familiesstrukturen, korleis det norske språket høyrest ut m.m. Elevane fekk alltid høve til å stille spørsmål, og for oss var det interessant å høre kva dei spurde om. Typiske spørsmål var t.d. Kva type jordbruk vert drive i Noreg? Kor mange kyr er det vanleg å ha for ein familie? Korleis kan det ha seg at kongen i Noreg ikkje har reell makt? Kan de lære oss å telje til ti på språket dykkar? Kva typar musikk lyttar norsk ungdom til? På Kahatia Secondary spurte elevane mykje om giftarmål o.l. Dei tykte at det var rart at ein av dei kvinnelege studentane var 21 år og ugift, og dette fekk ein av elevane til å spørje om det fanst ei øvre aldersgrense for å gifte seg i Noreg. Då ein av studentane fortalte at ho hadde ein kjærast sjølv om ho ikkje var gift, kom spørsmålet om ikkje dette var umoralsk. Det var ein god del fnising i klassen når desse spørsmåla var framme, noko som tyder på at det sjeldan vert snakka så ope om slike spørsmål som vår vitjing gav høve til. Mange elevar lurte også på kva som skal til for å studere i Noreg, og om ein person med kenyansk lærarutdanning kan verte lærar i Noreg. Så det var lite tvil om at vitjinga sette Noreg i fokus for elevane. Dette kom også til syne i spørjeundersøkinga som studentane gjennomførte, der eit av spørsmåla gjaldt kvar elevane ønskete å bu i framtida, og Noreg er sterkt overrepresentert i dei svara som kom inn. Eg gjennomførte ein intervjurunde med alle studentane i samfunnsfag og dei fleste andre etter at skulevitjingane var ferdige. Ei av tilbakemeldingane gjekk då ut på at dei norske studentane burde vere betre budde på dei spørsmåla som kom i samband med slike presentasjonar.

Fleire studentar opplevde at samtalen med elevane gjekk betre i dei tilfelle at klassen vart delt opp i mindre grupper, ei gruppe for kvar gjest. Då vart elevane meir frimodige til å stille spørsmål og til å fortelje enn når klassen var samla. Det same gjaldt truleg også gjestane. Fleire av studentane våre gav tilbakemelding om at kontakta med elevane var noko av det mest utbytterike med skulevitjingane, og at dei fekk for lite tid til å prate med elevane.

Sjølv med rimeleg grundig førebuing vil det oppstå uventa situasjonar, og også frå desse kan det vere interessant lærdom å hente. Då me kom til skulane i Chesta litt ut på dagen og rekna

med at skuledrifta var i godt gjenge, oppdaga me at fleire av lærarane var borte. Dei hadde reist til Kapenguria, den nærmeste byen, for å hente løna si fordi det var lønningsdag. Reisa kvar veg tek 2-3 timer med bil, så i beste fall klarte dei turen på ein dag, for det er ikkje lett å skaffe seg skyss. Dei få lærarane som var att, måtte organisere elevane ved at dei gjekk rundt og gav dei arbeidsoppgåver som elevane så måtte arbeide med på eiga hand. Denne vesle episoden gav oss eit viktig innkik i kvardagen både for rektor, lærarar og elevar, og kan vere grunnlag for mang ein refleksjon både om betalingsordningar, prioriteringar, kollegial solidaritet og behov for fleksibilitet i skulen.

Språket har vore ei utfordring ikkje minst ved skulevitjingane. Sjølv om elevane stort sett var flinke i engelsk, var aksenten typisk afrikansk og det var ikkje så mange i vår gruppe vane med. Det spelte sjølvsagt også inn at elevane ofte snakka lågt, så det var ein stor fordel å ha nokon til stades som kunne hjelpe til med å tolke og forklare kva som vart sagt. Det gjekk betre med språket etter kvart, men det er all grunn til å friske opp engelskkunnskapane sine før ein reiser. I følgje dei tilbakemeldingane som kom inn ved den skriftlege evalueringa av studieturen etter heimkoma, er dette eit ansvar som deltakarane i hovudsak må ta sjølve.

Mange av oss let oss imponere over kor flinke elevane var til å synge og kor fritt dei skifta om å leie songen anten det var i klasserommet eller på oppstillingsplassen med alle elevane ved skulen og gjestane til stades. Dei starta gjerne med å klappe takta, så tok einkvan initiativet og song ei strofe av ein song og så hengde dei andre seg på. Seinare tok gjerne ei anna over med eit soloparti. Og alt dette skjedde utan at me kunne sjå nokon form for planlegging, dei berre sette i gang. Den songtradisjonen som her kom til syne, kunne nokon kvar misunne dei.

Undervisningsutstyret var i dei fleste tilfelle tavle, krit og kanskje eit par plansjar på veggen. Fleire av skulane hadde eit bibliotek som sjølv om det var sparsamt utstyrt og delvis fungerte som lager for lærebøker, likevel kunne vere eit viktig grunnlag for mogleg variasjon i arbeidsformene. Nairobi Primary School utmerkte seg ved å ha eige rom med eit klasesett av personlege datamaskinar som elevane kunne bruke. Elles gjennomførte me ikkje ei systematisk registrering av undervisningsutstyr og undervisningsmateriell utanom det som fanst i klasseromma. Dette er derfor eit felt som det ville vere rimeleg å setje noko meir i fokus ved eit eventuelt seinare høve.

Ved eit fleirtal av skulane var me med på samling for alle elevane rundt flaggstanga. Rektor flytta denne samlinga på programmet slik at det høvde for oss å vere med. Programmet ved oppstillinga varierte, i eit par tilfelle var det ei gruppe elevar som synte eit drillprogram (marsjering), dei song nasjonalsongen sin, og me song vår, rektor introduserte oss og me presenterte oss sjølve. Ved Gathaithi Lower School nytta rektor høvet til å peike på fordelar med å ha utanlandske gjestar. Han sa at elevane denne dagen ville oppleve at det er godt å kunne engelsk, for då kan dei kommunisere med folk frå andre deler av verda, og at dei var heldige som hadde gjestar og fekk lære om eit anna land. Og så oppmuntra han dei til å vere samarbeidsviljuge og svare på alle spørsmåla våre.

Rektor ved Kahatia Secondary School understreka også kor positivt han meinte det var for elevane hans å få utlendingar på vitjing. Han håpte at denne enkle kontakta kan vekse til noko meir, utan å presisere kva han meinte med det. Ein av studentane våre spurte meg om det er greitt å svare med eit postkort dersom ho får lange brev frå nokon av dei ho har gjeve adressa si til. Ho var ikkje innstilt på eit langvarig og forpliktande vennskap med alle som hadde bede om adressa hennar. Eg tenkjer at desse to reaksjonane kan illustrere den ulike haldninga som vertskap og gjestar truleg hadde til denne konkrete vitjinga og som sikkert også gjaldt for studieturen vår meir generelt. Mitt inntrykk var at kenyanarane gjerne ville vidareutvikle kontakta, medan me var meir tilbakehaldne. Sidan eg drøftar spørsmålet om forventingar til framtidig kontakt i artikkelen *Bok er bra – studietur best*, går eg ikkje nærmare inn på dette spørsmålet her. Likevel nemner eg at me i mai fekk takkebrev frå rektor ved Kahatia Secondary School der han omtalar vitjinga vår som eit landemerke for skulen hans, han inviterer oss attende og forsikrar at det norske flagget som me etterlet oss, framleis heng framme. Denne skulen utmerka seg også ved å ha laga eit ekstra godt gjennomarbeidd program for vitjinga i forlenging av den førebuingssamtalen som eg hadde med rektor. Det er derfor klart at ved ein framtidig studietur til Kenya, er denne vidaregåande skulen i høglandet nord for Nairobi høgst aktuell for vitjing og vidare kontakt. Aldersskilnaden på elevane og studentane kan vere eit hinder for jambyrdig kontakt, så det er viktig å tenkje både elevar, studentar, lærarar og leiing inn i denne samanhengen. Fordelen med ein viss kontinuitet i kontakta er at me slik kan kome nærmare inn på og få ei djupare forståing av kvarandre sin livssituasjon. Sidan både elevar og studentar skifter, vil lærarane lett vere dei som representerer kontinuiteten, og dette er det viktig å vere merksam på når studentane vert inviterte til å gå inn i eit slik kontinuerleg kontaktarbeid.

Ved eit par skular klarte me å få til ei oppstilling ved slutten av vitjinga vår, slik at me kunne takke for oss og dele ut nokre av dei små gåvene som eit par tre av studentane våre hadde samla inn for dette føremålet før dei reiste frå Noreg. Det var fotballar, linjalar, skrivesaker o.l. Alle skulane fekk også ei biletbok frå Noreg med engelsk tekst som eit minne om denne vitjinga.

Observasjonar frå klasseromma

Ved alle skulane var me inne i enkelte klasserom. Etter å ha presentert Noreg, var opplegget at me skulle observere klassen medan læraren underviste mest mogleg som normalt. Samfunnsfagstudentane hadde laga eit lite observasjonsskjema til dette bruk, og dette finst som vedlegg 1.

Elevtalet varierte frå 17 til rundt 50 i dei klassane som me observerte, og der det ikkje var kjønnsreine klassar, var det vanskeleg for oss å finne noko systematisk skeivfordeling mellom kjønna. Sjølv om enkelte klasserom var ganske store, var det generelle inntrykket at klasseromma deira er meir tettpakka enn norsk standard. Det er vidare heilt vanleg at elevane sit på dobbeltpultar, sjølv om enkle pultar også var i bruk somme stader. Uniform er det mest vanlege, men uniformplikta vart tydelegvis praktisert nokså mildt, for det fanst både ein og fleire elevar utan uniform i dei fleste av klasseromma. Ved alle skulane som me vitja, hadde elevane både skrivesaker, skrivebøker og lærebøker, i alle fall i enkelte fag. Lærebøkene kunne vere ganske slitne, men ved barneskulen i Chesta vart me overraska over at matematikkbøkene til elevane var heilt nye. Det synteg seg at denne skulen var vennskapsskule med ein skule i Larvik og at den norske skulen hjelpte dei med ein del skulemateriell.

Framferda til elevane i klasserommet kunne variere ganske mykje frå klasse til klasse, også på den same skulen. Lærarane har ulik stil og gruppedynamikken varierer. Det tok gjerne litt tid i starten av timen før elevane kom til ro, noko som er lett å forstå, særleg der pultane stod tett. Men etter rimeleg tid fekk dei organisert seg og følgde med i det som skjedde. Generelt kan seiast at elevane svært gjerne ville svare når læraren rette spørsmål til klassen. Dei rette handa i veret og knipsa med fingrane for å få lov til å svare, og i mange tilfelle, men ikkje alltid, skulle dei reise seg når dei snakka. Dette kunne vere ganske upraktisk der pultane stod tett, men dersom læraren la opp til det, gjerne gjennom påminning, strekte dei seg opp så godt dei kunne. Naturleg nok var det ikkje alle elevane som var like ivrige eller like konsentrerte. Me kunne stadig observere enkeltelevar som sat stille og såg ut i lufta både når læraren underviste

frå tavla og når elevane hadde arbeidsoppgåver. Men denne mangelen på fagleg aktivitet slo berre sjeldan ut i noko som forstyrra dei andre, sjølv om det også hende. Mot slutten av ein time, medan elevane venta på friminuttet, tok ein gut av seg slipset og snerta borti ein av medelevane med dette som med ein pisk. Men også dette gjekk såpass roleg føre seg at læraren ikkje merka det, eller i alle fall ikkje gjorde noko med det.

Det generelle inntrykket er at disiplinen i kenyansk skule er ein heilt annan enn i den norske. Elevane viser respekt utan å gje inntrykk av at dei er redde læraren. Ein impulsiv iver etter å få kome til orde i klasserommet som ofte karakteriserer eit trygt læringsmiljø, såg me mykje av. Eg har rett nok sett ein rektor bruke ein liten kjeppe til å disciplinere elevane med slik at dei stilte skikkeleg opp ved ei morgonsamling, men dette skjedde på ein annan skule enn dei me vitja på studieturen vår. I år 2001 vart det vedteke ei lov i Kenya som forbryr bruk av fysisk straff i skulen, og det er eit vitnemål om kva disciplineringsmetodar det har vore tradisjon for. Men denne tradisjonen er dei altså i ferd med å snu. Frå eit observasjonsskjema som ein av studentane har fylt ut, hentar eg følgjande om forholdet mellom lærar og elev: ”Det virkar ganske harmonisk. Dei er to og to om ei bok ved nokre pultar og dei samarbeider. Dei kviskrar seg imellom. Saman er dei nysgjerrige på oss som sit i klasserommet, men ikkje meir enn vanleg.” Elevane hadde ei positiv innstilling og var aktive i undervisinga. Ein av studentane svara på spørsmål frå meg at elevane var både høflege og imøtekommende overfor henne når ho var i klasserommet. Men heller ikkje dei kenyanske elevane er berre disciplinerte og høviske, noko me fekk sjå eit døme på under avskjedsoppstillinga i Chesta. Alle elevane stod oppstilte klasse for klasse og studentane våre skulle dele ut ein ballong til kvar som eit lite minne om vitjinga vår. Studentane tok til med utdelinga i kvar sin ende og arbeidde seg inn mot midten. Dei vart både overraska og skuffa då dei forstod at nokre av dei elevane som alt hadde fått sin ballong, flytta seg og heldt fram handa si slik at dei kunne få ein i tillegg. Dette nyanserte litt biletet av den veloppdregne kenyanske ungdomen særleg sidan det at somme lurte til seg ein ekstra ballong, førte til at enkelte av dei minste, som stod i midten, ikkje fekk nokon i det heile.

Under intervjuundersøkinga mi etter skulevitjingane, sa ein av studentane at ho heller ville vere elev ved ein norsk skule og lærar ved ein kenyansk enn omvendt. Ho forklarte dette først og fremst med det ho oppfatta som ein betre disiplin i Kenya. Ein annan student sa noko som kan oppfattast som ei delvis forklaring på dette då ho meinte at ein viktig skilnad på norske og kenyanske elevar er at dei kenyanske elevane er glade for å få gå på skulen, medan dei norske

leit tek det for å vere sjølvsagt. Ein annan student nyanserte dette biletet ved å seie at om ein ser på disiplinen, ville han helst vere lærar i Kenya, men om ein ser på undervisingsutstyr og undervisningsmateriell, fall valet på Noreg. Endeleg nemner eg ein student som uttalte at kva land læraren ville klare seg best i, avhang av kor tungt læraren tek levekåra til elevane sine inn over seg. I Kenya hadde ho sett så mange elevar som hadde store problem heime med fattigdom, HIV/AIDS m.m. at ho tykte det måtte vere vanskeleg å vere læraren deira.

Læringsprosessane

Hovudintrykket mitt er at svært mykje av det som skjer i klasserommet er lærarstyrt og lærarsentrert. Dette inntrykket får støtte av Joseph Karuga som er rektor ved Nairobi Primary School. I mastergradsarbeidet sitt har han studert undervisingsstrategiar i naturfag ved fire offentlege grunnskular i Nairobi. I rapporten (Karuga 1997) skriv han på bakgrunn av eigne observasjonar at undervising for samla klasse ("lecture method") dominerer med 188 registreringar samanlikna med 43 for elevaktive arbeidsmåtar ("progressive learning").

Mönsteret som me såg, gjekk mykje ut på at læraren fortalte og forklarte og skreiv på tavla. Eit ganske vanleg opplegg for ein skuletime er at læraren først går gjennom lærstoffet munnleg frå tavla og brukar kanskje 15-20 minutt på dette. I denne sekvensen er det vanleg at læraren skriv enkelte stikkord på tavla. Etterpå skriv læraren hovudpunktata av det som er gjennomgått på tavla og elevane skriv det same i bøkene sine. Når læraren er ferdig med å skrive på tavla, går han/ho rundt og kikar på det elevane skriv. Mot slutten av timen stiller læraren ein del spørsmål knytt til det stoffet som dei har vore gjennom. I matematikktimar var det vanleg at elevane løyste øvingsoppgåver i siste delen av timen, etter gjennomgangen på tavla. Læraren nytta då gjerne tida til å gå rundt og rette arbeid som elevane hadde gjort før, eller å hjelpe dei som stod fast.

Då læraren underviste frå tavla, var mange av elevane aktivt med. Læraren stilte stadig spørsmål undervegs og mange elevar var ivrige etter å få svare. Det vart notert store individuelle skilnader i måten lærarane gjennomførte tavleundervisinga på. Ein lærar takka eleven som svara rett, ein annan oppmoda medelevane til å klappe når ein elev svara rett. Då klappa elevane. I ein observasjonsrapport står det: "God gammaldags tavleundervising med repetisjoner. Stiller ledende spørsmål til elevene. [...] Læreren litt arrogant væremåte overfor elever som svarte feil." Det var stor variasjon på kva type oppfølging læraren gav når svaret frå eleven ikkje var rett. Enkelte avviste svaret ved å seie at det var feil og gav ein annan

sjansen til å svare, medan andre prøvde å hjelpe eleven på gli. Eg opplevde aldri at medelevane på nokon måte gjorde narr av dei som svara feil, men mange var ivrige etter å få kome med det rette svaret. Enkelte lærarar spurte også dei som ikkje rette opp handa. Så på mange måtar fann me den same variasjonen av lærarpraksis ved samtaleprega tavleundervising som me kan finne i Noreg. Den store skilnaden er at omfanget av denne arbeidsmåten var så dominerande under dei skulevitjingane me gjorde.

Aktiv bruk av talekor, det at alle skulle svare samla, vart også mykje brukt. Dette syntest vere ein fin måte å aktivisere elevane på, for dei *var* faktisk med. Dei elevane som kanskje ikkje klarte å kome på svaret sjølv, kunne hengje seg på og svare slik dei andre gjorde det, og fekk slik litt del i fellesskapet. Faren er sjølvsagt stor for at denne læringsstrategien fører til overflatisk ”papegøyelæring”. Men samtidig veit me at me kan lære ikkje berre gjennom å lese og skrive, men også gjennom å seie kunnskapen fram. Dette med aktivt å bruke talekor er så innarbeidd som undervisingsform at ”alle” brukar det, ikkje berre i skulen. Eg møtte det på kurset som eg ein gong tok i swahili, og har møtt det både i foredrag, i kyrkjer og på politiske møte. Til og med i ein barnehage som me vitja, vart den same framgangsmåten brukt. Mönsteret kan vere at læraren t.d. seier: ”I dag har me fått vitjing av nokre vene frå Noreg. Så dei som er gjestane våre i dag, kjem frå” Stemma går litt opp på slutten her for å signalisere at læraren ventar/ønskjer at elevane skal fullføre setninga. Og det gjer dei, for dei fyller på med det eine ordet ”Noreg!” Dersom læraren meinte at elevane skulle vite noko, t.d. at Noreg ligg i Europa, kunne han gjerne halde fram med å seie: ”Noreg er eit land som ligg langt mot nord, i den verdsdelen som me kallar” og elevane hengjer seg på og seier ”Europa!”

Den flittige bruken av tavla og elevane si kopiering til skrivebøkene sine, kan virke nokså monoton, men det er mykje som talar for ein slik metode i Kenya. For det første er det å skrive ned hovudpunkta av det stoffet som nettopp er gjennomgått, ein fin repetisjon. Dei fleste lærer betre gjennom både å skrive og høyre enn berre gjennom å høyre. Og når elevane får hovudpunkta av lærestoffet i eigne kladdebøker, kan dei klare seg utan lærebok, og det er ofte nødvendig, for lærebøker var det stor mangel på i mange fag. Elevane syntest ikkje å stille store krav til variasjon i undervisinga, og denne metodikken gjer det relativt enkelt for læraren å undervise. Samanlikna med Noreg, var det eit generelt inntrykk at det var mykje mindre variasjon i arbeidsformene ved dei skulane me vitja. Dette er tankevekkjande ettersom manglande variasjon i undervisinga nettopp har vore eit av dei dominerande ankemåla mot

norsk skule (Grepperud s. 53, Barneombudet s. 60, Arnesen s. 82). Endeleg kan det vere verd å nemne at dei fleste afrikanske kulturane har hovudsakleg ein munnleg forteljande tradisjon (Lillejord og Søreide 2003) og at i følgje Birgit Broch-Utne er den viktigaste metoden å lære frå døme og munnleg informasjon frå familiemedlemmer, dei gamle og lærarane (s. 49-50).

I ein samtale med lærarstudentar frå Malawi og Namibia våren 2004, kom det fram at dei kjenner seg godt att i det som eg her har skrive om undervisingsmetodar. Dei peika på at sjølv om det ville vere ønskjeleg med meir varierte arbeidsformer, t.d. arbeid i grupper og prosjektarbeid, innbyr ikkje dei materielle rammene til dette. Klassar som oftast ligg på om lag 50 elevar, men kan vere opp i 70, få grupperom og lite utstyr, gjer det svært vanskeleg å organisere. Dermed framstår gjerne tavleundervising eventuelt kombinert med diktat som dei arbeidsformene som med overkomeleg innsats let seg gjennomføre. Når desse arbeidsformene også går inn i ein lang og sterk skuletradisjon, er det lett å forstå at dei dominerer biletet. Men eg såg døme på variasjon også innanfor desse rammene. Det var i ein engelsktime ved Nairobi Primary School. Elevane skreiv orddiktat. Så bytta dei bøker og retta for kvarandre medan læraren gjekk gjennom dei rette svara. Etterpå vart bøkene leverte attende til eigar og det var opprop. Dei med 10 rette skulle reise seg og fekk kort applaus. Så kom turen til dei med ni rette, dei fekk også applaus. Slik gjekk det steg for steg. Dei med tre rette eller mindre slapp å reise seg, men fekk ei formaning om å skjerpe seg. Til slutt tok læraren inn alle bøkene for å kontrollere og notere resultata i boka si.

Det var stor skilnad på korleis lærarane reagerte på å få observatørar inn i klassen. Det var tydeleg at for enkelte var dette heilt uventa. I alle fall i eit par tilfelle fekk observatørane inntrykk av at læraren valde å gjennomføre eit opplegg som læraren kjende seg trygg på, og læraren sin prestasjon fekk meir preg av framføring for observatørane enn undervising for elevane. Tydelegast var dette kanskje i ein geografitime, og eg hentar følgjande frå eit observasjonsskjema: ”Fikk inntrykk av at læreren hadde et ferdigprodusert opplegg for timen. Elevane var aktive og fullførte setningene hans, ikke noe dødtid. Selv om undervisninga dreide seg om geografi og han kom inn på kulde og snø, ble ikke Norge nevnt. [...] Vi ble ikke integrert i det hele tatt, og læreren utnyttet oss ikke. Da undervisninga var ferdig, forlot læreren klasserommet med en gang, uten å stille oss spørsmål og vi ble overlatt til elevene.” Andre lærarar meistra situasjonen på ein god måte og drog observatørane inn i undervisninga med spørsmål og bad dei fortelje frå landet sitt. For vårt føremål, som var å få eit lite innblikk i korleis læringsaktiviteten i klasserommet kan gå føre seg, spelte det inga stor rolle om

læraren sikra litt ved å gjennomføre eit opplegg vedkomande var trygg på. Dette ville vere annleis dersom me hadde hatt ambisjonar om, på grunnlag av observasjonane våre, å kome med meir generelle slutningar eller konklusjonar. I eit slikt tilfelle, måtte me legge eit meir grundig arbeid både i førebuing, gjennomføring og etterarbeid av observasjonane våre. Men denne gongen var me først og fremst på jakt etter eit førsteinntrykk og gjerne for å kome på sporet av tema som me ved seinare høve eventuelt kan arbeide meir fokusert med.

Og framover...

I Kenya har me møtt ein skule med stramme materielle rammer med spartansk utstyrte klasserom, vanleg klassestorleik på 50 elevar, lærarsentrerte arbeidsmåtar med mykje bruk av tavle og avskrift til eigne skrivebøker. Men innanfor desse rammene såg me også relativt store skilnader mellom lærarar. Dette støttar det synet at læraren, i tillegg til eleven, er dei viktigaste aktørane med tanke på kvalitet i skulekvardagen (St.meld. nr. 12 s.1). Dette poenget får litt ekstra vekt når me koplar det til eit inntrykk av at lærarane arbeider mykje godt parallelt og samarbeider lite om undervisinga. Dette siste har me rett nok ikkje hatt spesiell fokus på, noko me truleg med fordel kunne hatt. Men i den grad inntrykket av mange privatpraktiserande lærarar er dekkjande, vil dugleiken til læraren slå sterkt ut på utbyttet for elevane.

Når det gjeld kvaliteten på dei skulane me vitja, gjev ikkje våre undersøkingar grunnlag for å seie noko generelt, og det var heller ikkje ambisjonen. Likevel synast eit første, relativt overflatisk inntrykk å vere at kenyanske elevar får inn ein god del kunnskap. Ein student uttala i eit av intervjuet eg hadde, at ho har sett at det går an å drive skule også med lite ressursar. Eg oppfattar denne utsegna som uttrykk for ei positiv vurdering av kenyansk skule.

No er det utvikla nasjonale mål for utdanning/opplæring i Kenya. Desse måla omfattar utvikling av nasjonal identitet og fellesskap, å fremje sosioøkonomisk, teknologisk og industriell utvikling, fremme individuell utvikling, sunn moral og religiøse verdiar, likskap og ansvarskjensle, å utvikle dei rike og varierte kulturane i landet, fremje internasjonalt medvit, god helse og miljøvern. (Kenya Ministry of Education 2002). Det er i forhold til desse måla og meir konkret i forhold til måla i fagplanane kvaliteten på undervisinga må sjåast om ein vil seie noko om kvaliteten. Dette fell utanfor rammene for denne artikkelen, men det skulle vere svært spennande å gå nærmere inn på slike spørsmål ved eit anna høve. Rektor ved Nairobi Primary School er i så fall eit godt kontaktpunkt. Han hevdar (Karuga 1997) at både

styresmakter, foreldre og andre som er interesserte i utdanning i Kenya på ulike måtar prøvar å få lærarane til å bruke elevaktive arbeidsmåtar. Men lærarane held fast på det gamle, det lærarsentrerte, og dette meiner han er det som avgrensar læringsutbyttet for elevane meir enn noko anna.

Sjølv om det altså er god grunn til å vere tilbakehalden med å generalisere på bakgrunn av det me har observert og opplevd under skulevitjingane, har me lært mykje. Me har lært ein god del om det å drive skule med heilt andre rammer kulturelt, juridisk, materielt og økonomisk enn det me sjølve har. Og me har lært meir. Som ein student uttalte i intervjuundersøkinga: ”Me lærer mykje om oss sjølve ved å sjå på korleis dei har det og samanliknar det med våre forhold heime. [...] Dette vil vere ein ressurs for meg når eg sjølv skal vere lærar.”

Referansar

- Arnesen, A.L: ”Skolens tvetydighet i elevperspektiv” i Barneombudet: *Stemmeskifte – en rapport fra ordskiftet om ungdomsskolen*. Oslo
Barneombudet: *Stemmeskifte – en rapport fra ordskiftet om ungdomsskolen*. Oslo
Broch-Utne, B (2000) *Whose Education for all? The recolonization of the African Mind*.
Grepperud, G: ”Skolen eier halve dagen. En oppsummering av 60 elevers mening om grunnskolens ungdomstrinn” i Barneombudet: *Stemmeskifte – en rapport fra ordskiftet om ungdomsskolen*. Oslo
Inglar, T (1997): *Lærer og veileder. Om pedagogiske retninger, veiledningsstrategier og veiledningsteknikker*, Universitetsforlaget, Oslo
Karuga, J. K. (1997): *Variables affecting the teaching styles of science teachers in Nairobi primary schools with special reference to a well-resourced government school*. Dissertation towards the degree of Master of Education in Professional Development (Basic/Primary Education) in Developing Countries. University of Exeter
Lillejord, S og Søreide, G (2003): ”Tell me your story! Using Narratives from Interviews to Understand Indigenous Knowledge” i *Indilinga, African Journal of Indigenous Knowledge Systems*. Vol. 2/2003
Republic of Kenya, Ministry of education (2002): *Primary Education Syllabus*
Stortingsmelding nr. 12 (1999 – 2000): ...og yrket skal båten bera...
Vik, N og Kleiveland, R (1985): ”Nærmiljøet i u-landsundervisningen” i *Alternativ Internasjonalisert undervisning* nr. 1 1985, FN-sambandet i Noreg/Den norske UNICEF-komite

Vedlegg 1:

OBSERVASJONSSKJEMA TIL BRUK I KLASSEROMMET

Klasse:

Antal elevar:

